

Årsrapport 2024


Patentstyret



Innhold

Del 1 – <i>Leiarens beretning</i>	3
Del 2 – <i>Introduksjon til verksemda og hovudtal</i>	6
Del 3 – <i>Årets aktivitetar og resultat</i>	18
Del 4 – <i>Styring og kontroll i verksemda</i>	61
Del 5 – <i>Vurdering av framtidsutsikter</i>	69
Del 6 – <i>Årsrekneskap</i>	72



Del 1

Leiarens beretning



Internasjonale avtaler, digitalisering og berekraft



Kathrine Myhre
direktør i Patentstyret

Signering av viktige internasjonale avtaler på IP-området

I ei verd med stadig større ustabilitet er det gledeleg at World Intellectual Property Organization (WIPO) under FN-paraplyen i 2024 lykkast med å slutføre arbeidet med to internasjonale traktatar. Arbeidet blei gjennomført som del av to vellykka diplomatkonferansar: the Diplomatic Conference on Genetic Resources and Associated Traditional Knowledge, som blei gjennomført i Genève i mai 2024, og the Diplomatic Conference to Conclude the Design Law Treaty, som blei gjennomført i november i Riyadh. Patentstyret bidrog aktivt i begge diplomatkonferansane. I tillegg har EU i 2024 vedteke eit modernisert designdirektiv. Patentstyret bidrog i 2024 også i førebuingar og gjennomføring av fleire frihandelsavtaleforhandlingar i EFTA-regi, mellom anna Chile, India, Kosovo, Malaysia, Mercosur, Moldova, Thailand og Vietnam. Dette arbeidet bidreg til å sikre norsk næringsliv like

internasjonale konkurransevilkår og tilgang til viktige internasjonale marknader.

Nedovergåande trend for immaterielle rettar

Patentstyret har i 2024 arbeidd strukturert og målretta for fleire gode rettar og betre bruk av immaterielle verdier. Søknadsinngangen viser likevel ein fallande trend innanfor både design, varemerke og patent frå 2023 til 2024. Vi tok samla imot om lag 23 300 søknader i 2024, og 82 prosent av søknadene kom frå utanlandske søkjarar som ønskjer immaterielle rettar i Noreg. I motsetnad til tidlegare år ser vi i 2024 også eit fall i talet på IP-søknader frå det norske næringslivet ut i verda. Nedgangen er ikkje unik for Noreg og norsk næringsliv.

Kvinnelege oppfinnarar i patentsøknader

Sidan 2011 har Patentstyret følgt med på prosentdelen kvinnelege oppfinnarar i

patentsøknader frå norske søkjarar. I 2024 var 1191 menn og 93 kvinner førte opp som oppfinnarar i til saman 733 patentsøknader. Prosentdelen kvinner var altså 7,2. Dette er ein auke frå dei to føregåande åra, då prosentdelen var høvesvis 4,9 og 6,8 prosent. Vi må heilt tilbake til 2016 for å finne ein høgare prosentdel kvinnelege oppfinnarar i patentsøknader. Noreg ligg under snittet. I EPO si måling frå 2022 var det i gjennomsnitt 13,2 % kvinnelege oppfinnarar, men for norske oppfinnarar var delen 11,2 %.

Digitalisering

Patentstyret har jobba med digitalisering over lengre tid og var ein av dei første etatane som tok i bruk Altinn i full breidd. I tråd med ønsket frå staten om at offentlig sektor tek i bruk ny teknologi, brukar vi kunstig intelligens (KI) i granskingsverktøya våre og har i 2024 sett i gang eit forprosjekt for bruk av KI i saksbehandlinga. Dette arbeidet blir ført vidare i 2025. Patentstyret har også gjennomført eit større arbeid med overflytting og utvikling av skjema i Nye Altinn.

Dette styrker den digitale samhandlingen til Patentstyret gjennom nødvendig fellesfunksjonalitet på ei mer fleksibel plattform enn tidligere. Arbeidet bidreg også til ei bedre kundereise ved automatisk utfylling av skjema.

Kunnskap om IP og kjennskap til Patentstyret

I 2024 har Patentstyret teke i bruk ny logo og fargepalett, lansert nye nettsider og innført eit nytt CRM-system. Vi jobbar kontinuerleg med å digitalisere kurstilbodet vårt, for på den måten å skape auka verdi for kundane ved å spreie kunnskap om immaterielle verdier og rettar til nye og eksisterande kundar på ein effektiv måte. Vi har i 2024 hatt rekordmange omtalar i pressa både om IP-området generelt og spesielt om piratkopiering og varemerkeforfalsking (velgekte.no).

Patentstyret som tilsynsstyresmakt

Patentstyret har sidan 2022 vore tilsynsstyresmakt for organisasjonar og einingar som kollektivt forvaltar opphavsrett og nærståande rettar, inkludert medlemsorganisasjonar av ein kollektiv forvaltningsorganisasjon som fordeler og betalar ut vederlag for rettar. Patentstyret er også godkjenningssorgan for organisasjonar som søker om å inngå avtale med avtalelisensverknad etter åndsverklova. Aktiviteten har auka i omfang i 2024, og ved utgangen av året omfatta registeret til

Patentstyret 42 registrerte organisasjonar og einingar.

Høg kvalitet og effektivitet i tenestene våre

Vi har gjennomgåande god kvalitet på tenestene våre. Vi er blant dei beste på kundeservice i offentleg sektor og har i 2024 jobba med effektivisering og automatisering i søknadsbehandlinga på patent-, varemerke- og designområdet. Dette har mellom anna bidrege til at vi har redusert talet på saker under behandling vesentleg i 2024.

Nye berekraftige lokale

I august 2024 flytta Patentstyret inn i nye, berekraftige lokale i Valle Vision på Helsefyr i Oslo. Det inneber at vi har redusert arealbruken med 50 prosent. Dei nye lokala og det aktivitetsbaserte arbeidsplasskonseptet vårt støttar opp om strategien om auka grad av fleksibilitet og arbeid i autonome team. Som del av flytteprosessen har vi i 2024 også digitalisert om lag 4000 hyllemeter med papirarkiv og gjort all digital aktivitet skybasert.

Tryggleik og beredskap

Som følge av ein stadig mer utførelseleg og krevjande tryggleikssituasjon har Patentstyret i 2024 hatt stor merksemd på cybertryggleik og beredskap. Vi har gjennomført tryggleiks- og beredskapsøving og innført trusselovervaking og kvalifisering av cyberhendingar ved å ta i bruk

overvåkingsverktøyet SIEM (Security Information and Event Management).

Berekraft og det grønne skiftet

Vi jobbar målmedvite med korleis vi kan bidra til at det norske næringslivet utviklar berekraftige og konkurransedyktige forretningsstrategiar, produkt og løysingar.

Oslo, 01.03.2025



Katrine Myhre, direktør



Del 2

Introduksjon til verksemda og hovudtal



Introduksjon til verksemda

Patentstyret er eit nasjonalt forvaltningsorgan og kompetansesenter for immaterielle rettar og verdiar som er underlagt Nærings- og fiskeridepartementet (NFD). Vi hjelper næringsliv og samfunnsinstitusjonar med å skape, sikre og handtere immaterielle verdiar og rettar.

Patentstyret arbeider for å auke medvitet og kompetansen om korleis slike rettar kan brukast i innovasjon og forretningsutvikling. Ein viktig del av rolla som styresmakt er å gjere informasjon om patent-, varemerke- og designrettar enkelt tilgjengeleg. Denne informasjonen er ikkje berre viktig for å unngå å gjere inngrep i rettane til andre, men er ei unik kjelde til informasjon i innovasjonsprosessar.

I tillegg representerer Patentstyret Noreg i internasjonale forum på immaterialrettsområdet. Patentstyret bidreg i regelverksarbeid som er knytt til industrielle rettar og støttar ulike departement i spørsmål om immaterielle rettar.

Som kompetansesenter for immaterielle rettar bidreg Patentstyret til at norsk og internasjonalt næringsliv, oppfinnarar, designarar og merkevarebyggjarar realiserer potensialet i ideane sine ved at dei gjer rette val når det gjeld bruk av industrielle rettar. Dette blir reflektert i visjonen, samfunnsoppdraget, verdiane og målbileta.



Samfunnsoppdrag

Immaterielle verdier kan utgjøre inntil 90 prosent av verdiane i ein verksemd¹. Korleis desse verdiane blir sikra og utvikla, slik at dei veks i verdi, handlar om å forvalte dei på ein klok og god måte.

Når dei immaterielle verdiane i ein organisasjon eller ei bedrift blir forvalta godt, aukar sannsynet for å lykkast med verdiskaping.

Samfunnsoppdraget til Patentstyret handlar derfor om å vere ein medspelar som legg til rette for god forvaltning av dei immaterielle verdiane, slik at lønsemd og verdiskaping aukar hos bedrifter og generelt i det norske samfunnet.

Verdier

Kjerneverdiane driv oss framover. Verdiane viser korleis Patentstyret skal vere. Dei pregar det daglege arbeidet og vala vi gjer.

Dette er verdiane våre:

Truverdig

- Vi opptre kompetent, etterretteleg og med høg integritet.
- Vi leverer IPR-tenester av høg kvalitet og til rett tid.

Kunderetta

- Vi lyttar til kundane og forstår behova deira.
- Vi er tilgjengelege og snakkar og skriv slik at kunden forstår oss.

Engasjert

- Vi tek initiativ og er proaktive.
- Vi samarbeider og hjelper kvarandre.

Løysingsorientert

- Vi søker og utnyttar moglegheiter til forbetring.
- Vi tilpassar oss endringar.

¹ <https://www.visualcapitalist.com/the-soaring-value-of-intangible-assets-in-the-sp-500>

[Gjer idear til verdier]



Målbileta våre

Banebrytande oppfinningar endrar kvardagen vår. Innovative behandlingar reddar liv. Ny teknologi bidreg til ei berekraftig framtid. Og godt design løyser store og små problem. Sikringsutstyret som vernar deg, merka du vel i butikken, og seriane du elsker å sjå på – alt dette er døme på idear som er blitt til verdier både for næringslivet og samfunnet, og som vi alle nyt godt av. Dette er verdier vi må ta vare på og forvalte godt.

Patentstyret bidreg til å gjere idear til verdier. Strategien til Patentstyret er skildra gjennom tre målbilete som handlar om å skape verdier. Desse tre måla gjev oss retning og hjelper oss med å prioritere. Kvart år evaluerer vi korleis vi blir oppfatta av kundar, samfunn, eigarar og medarbeidarar. Denne innsikta brukar vi til å stadig utvikle og forbetre oss.

Verdi for kundane



– eit kundenært kompetansesenter

- Vi forstår behova til næringslivet og leverer tenester som hjelper kundane i marknadene deira.
- Vi behandlar saker med høg kvalitet, service og effektivitet.
- Vi formidlar på ein effektiv og god måte den innverknaden immaterielle rettar har på verdiskaping.

Verdi for samfunnet



– ein engasjert medspelar i innovasjon og verdiskaping

- Vi jobbar for at immaterielle rettar er godt kjent og brukt i innovasjon og næringsutvikling.
- Vi er kjende som eit kompetansesenter som jobbar for betre bruk av immaterielle verdier.
- Vi bidreg til berekraftig utvikling i nærings- og samfunnslivet.

Verdi for medarbeidarane



– ein attraktiv organisasjon og arbeidsplass

- Vi styrkjer det inkluderande arbeidsmiljøet vårt og tilbyr ein fleksibel og variert arbeidskvardag med utviklingsmoglegheiter til alle.
- Vi forsterkar kulturen vår, som er prega av openheit, læring og deling internt og eksternt.
- Vi jobbar medvite med å bruke ressursane våre meir effektivt og berekraftig.

Organisasjonskart



Kathrine Myhre
Direktør i Patentstyret

Leiargruppa i Patentstyret

Ved årsslutt omfatta leiargruppa i Patentstyret éin direktør og seks avdelingsdirektørar. Patentstyret hadde 261 tilsette fordelt på 250,5 årsverk.



Jostein Sandvik
Juridisk og internasjonalt



Anne-Terese J. Vie
fung. Verksemdsstyring



Bjørn Lillekjendlie
Patent



Otto Schraff
Digitale tenester




Bernt Boldvik
Design og varemerke



Elisabet Mæland Fosse
Marked og kommunikasjon

Måla til Patentstyret



Nøkkeltal

Tabell 1: Utvalde nøkkeltal frå årsrekneskapen

Nøkkeltal frå årsrekneskapen	2020	2021	2022	2023	2024
Talet på årsverk	233	233	246	241	250
Samla tildeling post 01-99	283 697	286 113	306 000	332 484	355 236
Utnyttingsgrad post 01-99	102 %	98,9 %	98,4 %	100,4 %	97,2 %
Driftsutgifter	280 301	280 852	302 348	325 273	338 392
Prosentdel lønn (inkl. pensjonsutgifter) av driftsutgifter	78,6 %	75,4 %	73,8 %	72,9 %	72,9 %
Lønsutgifter (inkl. pensjonsutgifter) per årsverk	946 085	908 529	906 638	984 418	986 110

Tal i 1000 kr

Talet på årsverk i 2024 er rekna med bakgrunn i PM-2019-13 Definisjon av utførte årsverk frå KMD.

Tabell 2: Søknader om industrielle rettar og europeiske patent mottekne for validering i Noreg

Saksinngang	2020	2021	2022	2023	2024
Varemerkesøknader (nasjonale søknader og internasjonale utpeikingar gjennom Madridprotokollen)	16 660	18 142	17 696	15 959	14 735
Designsøknader (nasjonale søknade og internasjonale utpeikingar gjennom Haag-systemet)	1 279	1 292	1 198	1 365	1 291
Patentsøknader (nasjonale søknader og internasjonale søknader førte vidare gjennom PCT)	1 444	1 580	1 410	1 397	1 271
Europeiske patent mottekne for validering i Noreg	7 559	6 930	5 201	5 944	6 009
Avgjorde saker	2020	2021	2022	2023	2024
Varemerkesøknader (nasjonale søknader og internasjonale utpeikingar gjennom Madridprotokollen)	17 382	18 116	17 107	17 650	17 503
Designsøknader (nasjonale søknade og internasjonale utpeikingar gjennom Haag-systemet)	1 277	1 285	1 139	1 257	1 387
Patentsøknader (nasjonale søknader og internasjonale søknader førde vidare gjennom PCT)	1 848	1 655	1 373	1 464	1 562
Europeiske patent validerte i Noreg	7 765	6 668	5 952	5 606	6 309

Tabell 3: Forholdet mellom nye og avgjorde saker i 2024

Saker	Mottekne	Avgjorde
Varemerkesøknader (nasjonale søknader og internasjonale utpeikingar gjennom Madridprotokollen)	14 735	17 503
Designsøknader (nasjonale søknade og internasjonale utpeikingar gjennom Haag-systemet)	1 291	1 387
Patentsøknader (nasjonale søknader og internasjonale søknader førte vidare gjennom PCT)	1 271	1 562
Europeiske patent for validering	6 009	6 309

Immaterielle rettar

Industrielle rettar



Patent

Eit patent vernar ei konkret løysing på eit teknisk problem. Du kan få patent på ei oppfinning.



Varemerke

Eit varemerke er eit kjenneteikn du kan bruke for å skilje dine varer og tenester frå andre sine.



Design

Designregistrering gjev einerett til utsjånaden og forma på eit produkt – det dekorative eller estetiske aspektet.

Andre immaterielle rettar



Opphavsrett, copyright

Retten til litterære og kunstnarlege åndsverk, til dømes eit musikkstykke, ei bok, eit måleri, brukskunst eller ein film.



Forretningshemmelegheiter

Fortrølege opplysningar om drifts- og forretningsforholda til verksemda, spesifikk kunnskap og teknologiske opplysningar.



Geografiske nemningar

Gjev høve til å verne produktnemningar på mat og drikke ut frå opphav, geografi og tradisjonelt særpreg. Dette blir administrert av Matmerk.

Organisasjonar



World Intellectual Property Organization (WIPO)

Verdsorganisasjonen for immaterialrett er ein av spesialorganisasjonane til FN og har som oppgåve å fremje utvikling av immaterielle rettar globalt. WIPO har 193 medlemsland og har hovudsete i Genève. Dei viktigaste søknadsordningane for industrielle rettar som WIPO administrerer, er desse:

Madridprotokollen

er ein internasjonal avtale som gjer det enklare og billigare å søkje internasjonal varemerkeregistring i fleire land samtidig. Dekkjer 129 land.

Haag-overeinskomsten

er ei internasjonal ordning som gjer at ein ved hjelp av éin søknad kan få vern for designet sitt i dei landa som er medlem av ordninga. Dekkjer 90 land.

Patent Cooperation Treaty (PCT)

er ei internasjonal søknads- ordning for patent. Ordninga forenkler innlevering og granskning dersom du skal søkje patent i fleire land. Dekkjer 157 land.



European Union Intellectual Property Office (EUIPO)

er varemerke- og designstyresmakt for EU. EU-varemerke og EU-design gjeld i alle land som er medlem av EU, og derfor ikkje i Noreg. Norske personar og bedrifter kan likevel søkje om EU-varemerke/-design, både direkte og gjennom Madridprotokollen.



Det europeiske patentverket, European Patent Office (EPO)

tek imot, behandlar og avgjer europeiske patentsøknader på grunnlag av reglane i den europeiske patentkonvensjonen, som Noreg er tilslutta. Det er 39 medlemsland i Den europeiske patentorganisasjonen.



Nordisk Patentinstitutt (NPI)

behandlar internasjonale patentsøknader (PCT) for WIPO og utfører oppdrag som mellom anna nyheitsundersøkingar for utanlandske kundar. Noreg er partnar i NPI saman med Danmark og Island.

For Novatech er hemmeleghald og varemerkeregistrering viktig

Novatech utviklar programvare basert på kunstig intelligens (KI). Rettar bidreg til å etablere omdømme og ein god marknadsposisjon

Novatech blei grunnlagt i 2022 med følgjande visjon: utvikle digitale løysingar som bidreg til utsleppsreduksjon i energikrevjande industrier. Det første kommersielle produktet deira, Novatech NESSi, er ei skybasert programvare som nyttar KI og maskinlæring til å predikere og redusere utslepp. Denne løysinga er eit viktig verktøy for bedrifter som jobbar mot målet om nullutslepp.

Rettar sikrar marknadsposisjon

– For Novatech er rettार grunnleggjande i arbeidet med å etablere og halde ved like omdømmet vårt som ein påliteleg og nyskapande aktør i bransjen, seier CEO Knut Husdal. – Vern av merkevara er viktig, og derfor har vi registrert varemerket. Føremålet er at rettane skal bidra til å sikre posisjonen vår i marknaden. Selskapet har heldigvis ikkje opplevd direkte kopiering eller krenkingar av rettane sine så langt.

– Rettane har vore avgjerande for å byggje tillit hos både investorar og kundar. Eg har sjølv opplevd å bli spurd om både vernegrad av

merkevara og strategi for dette av potensielle investorar, seier Knut Husdal, CEO i Novatech.

Strategi for immaterielle rettार i Novatech

For å sikre ei profesjonell og effektiv registrering av merkevara Novatech NESSi samarbeidde dei med ein IP-rådgjevar hos Innovasjon Noreg. Det gjorde arbeidet med å navigere i det komplekse landskapet av immaterielle rettार enkelt. I samarbeid med dei har selskapet laga ein strategi for immaterielle rettार. – Vi har valt å registrere merkevara, men ikkje søkje patent fordi patent har avgrensa verdi for programvare, seier Husdal. – Strategien vår er å halde kjeldekoden hemmeleg og alltid liggje framfor konkurrentane våre. Vi har forretningshemmelegheiter i firmaet



som vi har eit medvite forhold til. Vi har jamleg ein prat om kva som er greitt å snakke om, og kva vi ikkje nemner direkte, seier Husdal.

Råd til andre verksemdar

Til gründerar og oppstartsbedrifter vil Husdal gje dette rådet: – Vurder kva for delar av verksemdar som krev sikring av immaterielle rettार på eit tidleg stadium. Dei som har ambisjonar om internasjonal ekspansjon, bør setje seg inn i immaterialretten i dei aktuelle marknadene. Dette gjeld spesielt om ein ønskjer patent, men også merkevaravern. Ikkje minst kan det vere avgjerande for tilgjenge til ulike marknader, avsluttar Husdal.



Del 3

Årets aktiviteter og resultat



Samla vurdering av resultat, måloppnåing og ressursbruk i 2024



Søknadsinngang og tildelte rett

I 2024 fekk Patentstyret inn om lag 23 300 søknader¹, 5,5 prosent færre enn i 2023 (24 700). Om lag 82 prosent av søknadene kom frå utanlandske s kjarar som  nskjer rett i Noreg. Talet p  patents knader var stabilt samanlikna med 2023, medan varemerkes knadene fall med 7,7 prosent. Designs knadene fall med 5 prosent.

Patentstyret tildelte om lag 23 600 varemerke-, design- og patentrett i 2024, som er 4 prosent fleire enn i 2023.

F ringar i tildelingsbrevet

Patentstyret er bedne om   vidareutvikle samarbeidet med andre styresmakter og verkemiddel nasjonalt og internasjonalt for   effektivisere saksbehandlinga, med m l om   leggje til rette for betre bruk av immaterielle rett og verdier i n ringslivet.

Patentstyret er bedne om   vurdere korleis kunnskap og data om immaterielle verdier kan bidra til   fremje n ringsutvikling og auka verdiskaping fr  mellom anna eksport. Betre kunnskap om immaterielle verdier og vern av dei er heilt avgjerande for at det norske n ringslivet skal overleve og lykkast i ein internasjonal marknad.

Aktiviteten i etaten har samla halde seg p  det h ge niv et som er etablert dei siste  ra. Patentstyret brukar hovuddelen av ressursane sine p  behandling av s knader og andre lovp lagde styresmaktsoppg ver. Gjennomf ringsgraden p  oppdraga i tildelingsbrevet er vurdert som god.

¹ Talet p  EP-valideringar er medrekna i det totale talet p  avgjorde saker. Dette er gjort for   standardisere framstillinga av tal p  tvers av patent-, varemerke- og designomr det. Dette er nytt av  ret.

Ressursbruk

Vi meiner at både måloppnåing og ressursbruk var tilfredsstillande. I 2024 brukte vi 95 prosent av tida på saksbehandling og andre styresmaktsoppgåver, inkludert administrasjon, eiga kompetanseutvikling og kvalitetsarbeid. Om lag 3 prosent av tida blei brukt på aktivitetar som skal auke medvitet og kunnskapen om immaterielle rettar i næringslivet og samfunnet elles, og om lag 2 prosent av tidsbruken var knytt til kommunikasjon og ulike typar informasjonstenester.

Inntektene til Patentstyret

Inntektene til Patentstyret for 2024 var kr 356 151 480, medan inntektsløyvinga var på kr 347 000 000. Om lag 97 prosent av inntektene til Patentstyret kjem frå dei lovpålagde rollene våre som styresmakt for patent-, varemerke- og designområdet og for behandling av klager på føretaksnamn.

Patentområdet står for størstedelen av inntektene. Det er også verdt å merkje seg at ein stor del, rundt tre fjerdedelar av inntektene til Patentstyret, kjem frå utanlandske verksemdar som ønskjer rettar i Noreg. Inntekter frå kurs og forundersøkingar står for ein mindre del av inntektene til Patentstyret. Inntektene frå det arbeidet Patentstyret gjer for Nordisk Patentinstitut (NPI), utgjer også ein liten del av dei totale inntektene. Utfyllande NPI-rapportering følgjer på slutten av del 3.

Nærings- og fiskeridepartementet vedtok i 2024 ny forskrift om betalingar til Patentstyret og Klagenemnda for industrielle rettar. Den nye forskrifta blei sett i kraft 1. mars 2024.


Som følge av dette blei satsane til Patentstyret justerte. Ei detaljert oversikt over satsane til Patentstyret og betalingsinformasjon ligg på www.patentstyret.no.

Tabell 4: Inntektene til Patentstyret

Område	Inntekt i kroner*	Inntekt i prosent
Patent	205 437	57,7
Varemerke	134 904	37,9
Design	6 545	1,8
Informasjonstenester	4 333	1,2
Nordisk Patentinstitut	4 932	1,4
Sum	356 151	100,0 %

*Inntekter er førte opp i tusen kroner

Figur 1: Inntekter fordelt på områda patent, varemerke, design, informasjonstenester og Nordisk Patentinstitut



Utgiftene til Patentstyret

Patentstyret hadde kr 355 236 000 til rådvelde i 2024. Patentstyret hadde ei mindreutgift på kr 9 661 073 samanlikna med samla tildeling på kap. 935 post 01. Sjå note B til årsrekneskapen i del 6 for nøyaktige beløp. Løn og sosiale utgifter utgjorde 73,5 prosent av driftsutgiftene i 2024.

Tabell 5: Driftsutgiftene til Patentstyret

Driftsutgifter	Utgifter i kroner*
Løyving i saldert budsjett for 2024, kapittel/post 093501	355 236
Sum til disposisjon, kap. 0935 post 01	355 236
Utbetalinger til løn med fråtrekk for refusjonar	247 839
Andre utbetalinger til drift	90 553
Finans	13
Utbetalinger til investering (inventar, maskiner o.l.)	7 170
Sum utbetalinger frå kap. 0935 post 01	345 575
Sum ubrukt tildeling	9 661

*Tall i 1000 kroner

Resultat og måloppnåing 2024

Tabell 6: Mål- og resultatstyring (MRS)

Hovudmål Større bedrifts- og samfunnsøkonomisk lønsemd frå immaterielle verdjar			
	Styringsdimensjon	Indikatorar	Støttande analysar
Delmål 1: Fleire gode rettar	Effektivitet	• Behandlingstider for patent, varemerke og design • Talet på ferdigbehandla søknader per årsverk brukt på saksbehandling, og utviklinga over tid • Samanlikne dei to indikatorane ovanfor med andre patentverk	
	Kvalitet	• Kvalitetskontrollar av avgjerder for å kontrollere om dei er i tråd med regelverk og praksis	• Avgjerder frå Patentstyret imot klagebehandlinga i Klagenemnda for industrielle rettar • Harmonisering av praksis for varemerke og design med EUIPO og praksis for patent med EPO
	Nøgde kundar	• Kundeundersøking av søknadsbehandling av patent-, varemerke-, og designsøknader	• Utvikling i tal og prosentdel av totaltalet på patentsøknader frå norske søkjarar som blir leverte som førstesøknader til Patentstyret • Utvikling i bruk frå norske søkjarar av NPI som granskingsorgan for PCT-granskingsstyresmakt
Delmål 2: Betre bruk av immaterielle verdjar	Kompetanseoverføring	• Omfang av aktivitetar for kompetanseoverføring (kurs, webinar, samarbeid med ulike målgrupper, osv.) • Kor nøgde kundane er med saksbehandlinga til Patentstyret	• Prioriteringsanalysen til Patentstyret
	IR-modenskap	• Statistikk for bruk av tenestene til Patentstyret • Samla tal på patent-, varemerke- og designsøknader til utlandet frå norske søkjarar	• Analyse av bruken av tenestene til Patentstyret • Utvikling i bruken av immaterielle rettar i utvalde næringar • Analyse av bidraget til verdiskaping frå IPR-intensive næringar¹ (rapportering til NFD skjer etter publisering av undersøkinga frå EUIPO/EP02)
Hovudtal			
Volumtal	• Søknadsinngang – patent, varemerke og design • Avgjorde søknader – patent, varemerke og design • Nye rettar – kunngjorde patent, registrerte varemerke, registrerte design		
Nøkkeltal	• Talet på årsverk • Samla driftsløyving • Samla inntektsløyving • Samla inntekter • Samla utgifter		

Varemerke


Utviklinga på området

I 2024 fall det samla talet på varemerkesøknader med 7,7 prosent frå året før, frå 15 959 til 14 735 søknader. Det er det lågaste talet sidan 2012 (14 345), og det skriv seg frå færre søknader både frå norske og utanlandske søkjarar. Talet på søknader frå utanlandske søkjarar fall med 8 prosent. Frå norske søkjarar kom det inn 3 124 søknader direkte til Patentstyret. Dette er 6 prosent lågare enn året før (3 309) og på same nivå som 2022.

Medan talet på varemerkesøknader frå norske søkjarar ut i verda har hatt ein aukande trend i mange år, ser vi no ei motsett utvikling dei siste tre åra, til om lag 17 800 søknader ut i verda. Utviklinga fell saman med den låge inngangen av søknader i Noreg dei siste åra.

Marknadene med flest varemerkesøknader frå det norske næringslivet var – i tillegg til Noreg – EU, USA, Storbritannia, Japan, Canada, Kina, Sveits og Australia. Tala gjeld for 2023 og blei publiserte av WIPO i november 2024.

Figur 2: Talet på varemerkesøknader frå norske søkjarar til land utanom Noreg



Talet på nasjonale varemerkesøknader og utpeikingar i internasjonale varemerkeregistreringar med norsk søkjar utanlands. For regionale ordningar som EU-varemerke (EUIPO) reknar ein talet på søknader multiplisert med talet på land som er med i ordninga på tidspunktet for innlevering av søknaden. Kjelde: WIPO IP Statistics Database

Utviklinga på varemerkeområdet

Patentstyret avgjorde om lag 17 500 varemerkesøknader (varemerke og fellesmerke) i 2024. Det er om lag like mange som i 2023. Rundt 86 prosent av dei avgjorde søknadene blei godkjende og registrerte.

Talet på varemerkesøknader under behandling blei redusert med om lag 2 700 i 2024, til rundt 8 600 søknader, som er det lågaste på 10 år.

Tabell 7: Utviklinga på varemerkeområdet

	2020	2021	2022	2023	2024
Varemerkesøknader totalt (varemerke og fellesmerke)	16 660	18 142	17 696	15 959	14 735
Direkte til Patentstyret frå norske søkjarar	3 862	3 910	3 111	3 309	3 136
Direkte til Patentstyret frå utanlandske søkjarar	3 031	3 219	2 995	2 656	2 654
Internasjonale utpeikingar i Noreg via Madridprotokollen frå norske søkjarar	11	11	14	12	12
Internasjonale utpeikingar i Noreg via Madridprotokollen frå utanlandske søkjarar	9 756	11 002	11 576	9 982	8 933
Avgjorde søknader (varemerke og fellesmerke)	17 382	18 116	17 107	17 650	17 503
Registrerte	14 464	15 544	14 800	15 125	15 089
Avslåtte	184	200	191	146	118
Lagde vekk / trekte	2 734	2 372	2 116	2 379	2 296
Talet på fornya varemerke og fellesmerke	11 963	12 532	12 872	13 462	12 571
Talet på registrerte varemerke og fellesmerke som er i kraft	231 574	236 535	240 469	245 970	251 585

Behandlingstid på varemerkeområdet

Patentstyret måler gjennomsnittleg saksbehandlingstid frå søknaden blir levert, til søkeren får eit svarbrev eller ei registrering frå Patentstyret. Patentstyret hadde som mål ved slutten av 2024 å starte behandlinga av ein nasjonal varemerkesøknad, eller registrere merket, innan gjennomsnittleg tre månader. Det kom inn om lag 5 800 nasjonale varemerkesøknader i 2024, og dei blei behandla i løpet av gjennomsnittleg 2,2 månader (2,6 månader i 2023). Av desse søknadene blei 34 prosent behandla i løpet av gjennomsnittleg to veker.

I dei internasjonale utpeikingane som Patentstyret får frå WIPO (Madrid-protokollen), var det eit mål å starte behandlinga i løpet av sju månader ved utløpet av året. Desse sakene blei behandla i løpet av gjennomsnittleg 6,9 månader (8,3 månader i 2023) for heile året sett under eitt. Ved utløpet av året blei utpeikingane behandla innan seks månader.

Samla sett var gjennomsnittleg behandlingstid ved utløpet av året 4 månader for nasjonale og internasjonale varemerkesaker, noko som er det lågaste på meir enn ti år. Dette kjem dels av at Patentstyret hadde lågare inngang av søknader i 2024 enn 2023, og dels av at effektiviteten har



auka. Tal for samanlikning med dei nordiske og baltiske landa ligg ikkje føre endå.

Ei varemerkeregistrering i Noreg kan skje på to måtar:

- Gjennom søknad om registrering direkte til Patentstyret. Fleirtalet av norske søkerar leverer varemerkesøknadene på denne måten.
- Gjennom internasjonal søknad om registrering direkte til WIPO (eller via Patentstyret til WIPO), der søkeren kan peike ut Noreg. Over 60 prosent av varemerkesøknadene til Patentstyret er i dag slike utpeikingar frå WIPO og kjem i hovudsak frå utanlandske søkerar.

Dei samla varemerkerettane i Noreg utgjør ein kombinasjon av desse. Ei varemerkeregistrering gjeld for ti år og kan fornyast for ti år om gongen.

Om lag 64 prosent (62 prosent i 2023) av søknadene blei registrerte utan skriftleg kommunikasjon mellom søkeren og Patentstyret. Patentstyret følgjer med på denne prosentdelen fordi han fortel i kva grad kundane leverer søknader utan formelle feil eller manglar. Utviklinga over tid påverkar tida som blir nytta per sak, og viser om etaten lykkast med å informere og rettleie kundane før dei leverer inn søknader.

I 2024 avgjorde Patentstyret gjennomsnittleg 526 søknader per årsverk. Søknadene har då blitt registrerte, nekta registrerte, lagde vekk av Patentstyret eller er trekte av søkjaren. Tala viser at saksbehandlinga samla sett var like effektiv som året før. Dette er eit godt resultat med tanke på at det blei brukt ein god del ressursar på opplæring og oppfølging av seks nyttilsette medarbeidarar i 2024. Tidsbruken i dei internasjonale søknadene var 2,5 timar per søknad. Det er på om lag same nivå som året før (2,3 timar i 2023). I dei nasjonale varemerkesøknadene var gjennomsnittleg tidsbruk per søknad om lag 3,8 timar (4,3 timar i 2023). Det tyder på at nokre av dei tiltaka som blei gjennomførte i perioden, har hatt effekt på produktiviteten. Tal for samanlikning med dei nordiske og baltiske landa ligg ikkje føre endå.


Ansvarsmerke

Eit ansvarsmerke er eit stempelmerke for gull-, sølv- og platinavarer. Patentstyret administrerer registeret over ansvarsmerke i Noreg. Ei gull-, sølv- eller platinavare som blir stempla med finleiksmärke, skal samtidig stemplast med eit ansvarsmerke. Eit ansvarsmerke fortel kven som har ført vara ut i marknaden (kven som er produsent eller importør). Det gjer det mogleg å identifisere kven som har laga vara, til dømes kva for ein gullsmed det er snakk om. Ansvarsmerke må fornyast kvart tiande år etter registrering. I 2024 blei det registrert 60 nye ansvarsmerke. Dette er same nivå som i 2023. 23 merke blei fornya. Dette er også om lag som tidlegare år. Ved slutten av 2024 var det 1462 ansvarsmerke i kraft i Noreg.

Tabell 8: Talet på ferdigbehandla varemerkesøknader per årsverk brukt på saksbehandling

	2020	2021	2022	2023	2024
Varemerke	492	530	465	520	526

Figur 3: Varemerke – søknader, avgjorde og til behandling



Grafen viser søknadsinngang, avgjorde saker og søknader under behandling ved årsslutt. Søknadene kan bli avgjorde for så å bli tekne opp att på eit seinare tidspunkt og få ei ny avgjerd. Dermed vil ikkje nødvendigvis talet på søknader under behandling vere lik søknadsinngang minus avgjorde søknader.

Design

Utviklinga på området

Patentstyret fekk om lag fem prosent færre designsøknader i 2024 enn året før, nemleg 1 291 søknader. Talet på designsøknader frå norske søkjarar var 17 prosent lågare enn året før og på same nivå som i 2023. Talet på designsøknader frå utanlandske søkjarar fall med 3 prosent. Ein designsøknad kan innehalde fleire design, så ein bør også sjå på kor mange design det er snakk om samla. Dei 1 291 søknadene som Patentstyret fekk frå norske og utanlandske søkjarar totalt, inneheldt om lag 4 250 design, som er om lag 7 prosent lågare enn året før og på same nivå som i 2023.


Talet på designsøknader er framleis lågt, særleg når det gjeld norske søkjarar. Det same gjeld talet på designsøknader ut i verda frå norske søkjarar, sjølv om det er ei lita betring frå 2023 til 2024. Marknadene med flest designsøknader frå norsk næringsliv i tillegg til Noreg er EU, USA, Storbritannia, Kina og India. Tala gjeld for 2023 og blei oppdaterte av WIPO i november 2024.

Til skilnad frå patent- og varemerkesøknader granskar ikkje Patentstyret designsøknadene med mindre søkjaren eksplisitt ber om det. Dei fleste designsøknadene blir derfor godkjende raskt etter at dei er leverte inn (om lag 97 prosent i 2023). Søkjaren har sjølv ansvaret for ikkje å

krenkje rettane til andre, men kan be Patentstyret om å gjere ei nyheitsvurdering.

I 2024 avgjorde Patentstyret 1 387 søknader, 96 fleire enn det som kom inn.

Figur 4: Talet på designsøknader frå norske søkjarar til land utanom Noreg



Nasjonale designsøknader og utpeikingar i internasjonale designregistreringar med norsk søkjar som er leverte til land utanfor Noreg. For regionale ordningar som EU-design (EUIPO) tel vi talet på søknader multiplisert med talet på land som er med i ordninga på tidspunktet for innlevering av søknaden. Kjelde: WIPO IP Statistics Database.

Behandlingstid for designområdet

Det er eit mål at den som søker Patentstyret om registrering av design, skal få avgjort søknaden i løpet av to til tre månader. Den gjennomsnittlege behandlingstida var 1,5 månader. Målet blei dermed nådd.

I 2024 avgjorde Patentstyret gjennomsnittleg 731 søknader per årsverk. Søknadene har då blitt registrerte, nekta registrerte, lagde vekk av Patentstyret eller er trekte av søkjaren. Dette viser ei positiv utvikling i effektiviteten for 2024.

Tabell 9: Utviklinga på designområdet


	2020	2021	2022	2023	2024
Designsøknader totalt	1 279	1 292	1 198	1 365	1 291
Direkte til Patentstyret frå norske søkjarar	236	211	155	185	153
Direkte til Patentstyret frå utanlandske søkjarar	163	209	141	166	166
Internasjonale utpeikingar i Noreg via Haag-overeinkomsten frå norske søkjarar	31	37	16	23	15
Internasjonale utpeikingar i Noreg via Haag-overeinkomsten frå utanlandske søkjarar	849	835	886	991	957
Avgjorde designsøknader	1 276	1 285	1 139	1 257	1 387
Registrerte designsøknader	1 237	1 223	1 103	1 234	1 344
Avslåtte	1	1	0	0	1
Lagde vekk / trekte	38	61	36	23	42
Talet på design (anslag)	4 171	3 941	4 300	4 595	4 250
Talet på fornya designregistreringar	1 353	1 378	1 425	1 402	1 519
Talet på registrerte design i kraft	11 544	11 728	12 130	12 575	13 235

Tabell 10: Talet på ferdigbehandla designsøknader per årsverk brukt på saksbehandling

	2020	2021	2022	2023	2024
Design	639	730	603	665	731

Patentstyret har inga samanlikning av behandlingstid og effektivitet med dei nordiske og baltiske landa på designområdet. I alle landa er det små tal og for lite bruk av ressursar til at det er rekningsssvarande å gjere ein tilsvarande analyse som på varemerke- og patentområdet.

Figur 5: Design – søknader, avgjorde og under behandling



Utviklinga på området

1271 patentsøknader for full behandling blei leverte til Patentstyret i 2024. Dette er ein nedgang på om lag 9 prosent frå 2023. Nedgangen i søknader frå norske søkjarar er på om lag 10 prosent, medan talet på søknader frå utanlandske søkjarar for full behandling gjekk ned med om lag 7 prosent. Gjennom Det europeiske patentverket (EPO) blei det levert om lag 6000 patent til registrering i Noreg. Det er om lag som i 2023. 1. juni 2023 blei ordninga med einskapspatent sett i gang i Europa. Det var ein auke i talet på EP-saker som kom inn i 2023, og dette har no jamna seg ut.

Norske søkjarar sender inn om lag 10 prosent av alle patentsøknader som kjem inn til Noreg. Prosentdelen frå norske søkjarar for full handsaming er om lag som året før: 58 prosent, mot 59 prosent i 2023.

Søknadsbehandlinga kan bli avslutta anten ved at Patentstyret godkjenner eller avslår, ved at søkjaren vel å ikkje halde påbod, eller ved at søkjaren vel å trekkje søknaden. I første halvår godkjende Patentstyret om lag like mange søknader kvar månad som i 2023. Hausten 2024 gjekk produksjonen ned fordi eit kull på 12 nye teknologar starta. Opplæring av dei nye er tidkrevjande for dei erfarne saksbehandlarane. I 2024 gjekk talet på patentsøknader som blei lagde vekk ned, etter at det auka i 2023.

Tabell 11: Utviklinga på patentområdet

	2020	2021	2022	2023	2024
Patentsøknader totalt	9 003	8 510	6 611	7 341	7 280
Direkte til Patentstyret frå norske søkjarar	834	899	806	782	706
Direkte til Patentstyret frå utanlandske søkjarar	101	123	88	101	125
Internasjonale PCT-søknader som er førte vidare i Noreg, frå norske søkjarar	46	49	59	37	27
Internasjonale PCT-søknader som er førte vidare i Noreg, frå utanlandske søkjarar	463	509	457	477	413
Europeiske patent som er førte vidare til Noreg for validering	7 559	6 930	5 201	5 944	6 009
– av desse frå norske søkjarar				184	180
Prosentdel patentsøknader frå norske søkjarar	10 %	11 %	13 %	11 %	13 %
Avgjorde patentsøknader	9 613	8 323	7 325	7 070	7 871
Godkjende ved full behandling	907	650	761	758	842
Godkjende ved enkel validering (EP-patent)	7 765	6 668	5 952	5 606	6 309
Avslåtte	8	4	4	4	4
Lagde vekk / trekte	933	1 001	608	702	716
Talet på patent i kraft	46398	48402	51086	53323	55430

Behandlingstid for patentområdet

Det er viktig for søkerar at det første landet som gjev søknaden full behandling, gjev ei rask vurdering av om oppfinninga er mogleg å patentere. For slike førstesøknader gjev Patentstyret normalt første vurdering i løpet av 7 månader. Ein del søkerar treng raskare avklaring og ber om akselert behandling i løpet av fire månader. I 2024 ønskte 22 prosent av søkerane dette (22 prosent i 2023 og 14 prosent i 2022).

Dei resterande søknadene med full behandling er internasjonale patentsøknader som blir førte vidare i Noreg. Desse er allereie granska, og søkeren har derfor ikkje same behov for ei rask behandling i Patentstyret. Tida fram til endeleg avgjerd blir redusert år for år også for desse søknadene.


Talet på ferdigbehandla søknader per årsverk brukt på saksbehandling

Patentstyret avgjorde gjennomsnittleg 38 patentsøknader per årsverk saksbehandling i 2024. Dette talet omfattar kunngjorde patent, avslag, vekklagde, endeleg vekklagde og trekte søknader. Talet er omtrent på nivå med dei andre nordiske landa. Som nemnt ovanfor gjekk produksjonen ned fordi eit kull med nye teknologar starta hausten 2024. Produksjonen vil auke igjen gradvis og vil nok vere som vanleg i slutten av 2025.

Tabell 12: Talet på ferdigbehandla patentsøknader per årsverk brukt på saksbehandling

	2020	2021	2022	2023	2024
Patent	51	42	32	35	38


Figur 6: Patent – søknader, avgjorde og til behandling



* Søknader under behandling inkluderer i 2023 og 2024 EP-søknader (høvesvis 577 og 411). Desse tala var ikkje tilgjengelege for 2020–2022.

Figur 7: Talet på patentsøknader frå norske søkjarar til land utanom Noreg

Tala gjeld for 2023 og blei oppdaterte av WIPO i november 2024.




Talet på patentsøknader – nasjonale og internasjonale (PCT) i nasjonal fase – som blei leverte av norske søkjarar i land utanom Noreg. Ein søknad levert til EPO tel som éin utanlandsk søknad i figuren. Kjelde: WIPO IP Statistics Database

Kvinnelege oppfinnarar i patentsøknader

Sidan 2011 har Patentstyret følgt med på prosentdelen kvinnelege oppfinnarar i patentsøknader frå norske søkjarar. I 2024 var 1191 menn og 93 kvinner førte opp som oppfinnarar i til saman 733 patentsøknader. Prosentdelen kvinner var altså 7,2. Dette er ein auke frå dei to føregåande åra, då prosentdelen var høvesvis 4,9 og 6,8 prosent. Vi må heilt tilbake til 2016 for å finne ein høgare prosentdel kvinnelege oppfinnarar i patentsøknader. Ute i Europa er talet 13,2 prosent.

Figur 8: Oppfinnarar i søknader frå norske søkjarar




Prosentdelen er rekna ut frå nasjonale søknader og PCT-søknader som er leverte inn til Patentstyret frå norske søkjarar (føretak og privatpersonar).

IPC-hovudklasse


Kvinner er mest involverte i patentsøknader innanfor IPC-hovudklassane «A – menneskelege behov» og «G – fysikk». Menn er mest involverte i søknader innanfor «A – menneskelege behov», «B – Industrielle arbeidsoperasjonar, transport» og «E – bygg- og anleggsteknikk, gruvedrift».

Grafane nedanfor viser kva slags IPC-hovudklasse oppfinnarane er involverte i. NB! Olje og gass ligg i klassen «E – bygg- og anleggsteknikk, gruvedrift».

Figur 9: Kvinnelege oppfinnarar i 2024 fordelt på IPC-hovudklasse



Figur 10: Mannlege oppfinnarar i 2024 fordelt på IPC-hovudklasse



Nytt patent vil gjere norske vinterveggar tryggare

Kvar vinter er det ulykker med bilar som sklir av vegen, ofte på grunn av dårlege dekk. Korleis kan ein avdekkje dei slitne og dårlege dekk?

Selskapet Roadguard og oppfinnarane Wilhelm Stang og Josef Ellingsen har fått patent på eit system og ein metode for å måle mønsterdjupna på bildekk ved at dei køyrer over ei eining.

Utfordringa er å verne smått og nøyaktig måleutstyr mot nedbør, støv, sand og ikkje minst vibrasjonar frå køyretøy som køyrer over i stor fart. For utstyr som registrerer skilnader på nokre tidels millimeter, er det nulltoleranse for framandlekamar.

– Dersom vi har eit system som blir degradert med ein gong det blir dårleg vêr eller mykje trafikk, fungerer det ikkje, seier Ellingsen. – Ein kan ikkje grave i ein trafikkert motorveg for å utføre reparasjonar heile tida. Ein må kapsle inn utstyret slik at det held seg reint og fungerer over tid.

Begynte med å vilje løyse eit problem

Dei to gründerane fekk ideen vinteren 2020, då dei snakka om lastebilar som hadde køyrt av vegen. Slitne dekk var ofte ei viktig årsak til ulykkene.

– Vi ønskte å løyse dette trafikkproblemet på ein eller annan måte. Korleis vi skulle løyse det teknisk, var ikkje så viktig i starten, seier von Zweigbergk.

Ei litt annleis gründerreise

Von Zweigbergk og Stang har begge bakgrunn frå finans og investeringar. – Vi har hatt ei litt anna reise enn mange andre oppstartsselskap. Mange startar med teknologibakgrunn og ein konkret teknologi som dei vil jobbe fram. – Det var mykje prøving og feiling før vi fann noko som fungerte, seier Ellingsen. Han er oppfinnar saman med Stang. Ellingsen var ikkje med i oppstarten, men kom etter kvart inn for å tilføre selskapet teknisk kompetanse.

– Her er det to økonomar som ønskjer å løyse eit problem utan å vite korleis, seier Christian Eilhelm Stang, som er gründer og styreleiar.



Gjennom eit samarbeid med Institutt for energiteknikk (IFE) og Sintef vurderte dei fleire moglege tekniske løysingar. – Det blei ein omfattande produktutviklingsprosess med til saman 13 prosjektdeltakarar, fleire av dei med doktorgrad, seier Ellingsen.

Testa på Hamar og Svinesund

Sjølve utviklinga har i stor grad gått føre seg utandørs på trafikkert veg. Først blei løysinga prøvd ut på ein ikkje veldig trafikkert veg utanfor Hamar, og så ved grenseovergangen på E6 ved Svinesund. Der blei ei eining plassert ved innkøyringa til stasjonen til tollvesenet. Rundt 1600 lastebilar køyrer over eininga kvart døgn. Her er det sett opp eit kamera med attkjenning av nummerskilt. Dermed kan Statens vegvesen identifisere kva for køyretøy som blir målte, og kven som eventuelt har for lita mønsterdjupn på dekk.

Vil også selje data

Selskapet signerte nyleg ein kommersiell sals- og vedlikehaldsavtale med Statens vegvesen for innføring av produktet. Dei vil no rulle ut systemet over heile Noreg.

I tillegg til å produsere og selje målingseiningane ønskjer Roadguard å selje målingsdata til ulike aktørar.

– *Status på dekk er nyttig informasjon for styring av køyretøyparkar og vedlikehaldsplanlegging i til dømes logistikselskap. Det kan også vere nyttig informasjon for å rekne ut forsikringspremiar, seier von Zweigbergk.*



Dei trur også dataa kan brukast til forsking på mikroplastutslepp i naturen, som i stor grad kjem frå bildekk. – Samanstillar ein våre data med informasjon om kjemisk innhald i dei ulike dekk, kan ein finne ut meir om denne forureininga og om kven som slepper ut kva. Dette kan også dekkprodusentane ha nytte av, meiner von Zweigbergk.

Vegen vidare

Roadguard vil i første omgang få eit fungerande produkt i Noreg og få sett ut målingseiningar fleire stader i landet, men på sikt tenkjer dei større.

– *Det at Statens vegvesen seier at dette fungerer i Noreg under forholda som er her, er eigentleg alt vi treng for å marknadsføre dette til andre land. Make it there and you'll make it anywhere, seier von Zweigbergk.*

Kvalitet i søknadsbehandlinga

Patentstyret har eit system for kvalitetsstyring som bidreg til å sikre rett kvalitet i søknadsbehandlinga. Rett kvalitet vil seie at resultatet vi leverer til kundane våre, er korrekt og levert til avtalt tid, slik at vi er føreseielege overfor kundane. Patentstyret er sertifisert etter den internasjonalt anerkjende standarden ISO 9001:2015.

I 2024 blei det gjennomført to interne revisjonar for å forbetre og effektivisere interne prosessar og kvaliteten på tenestene til Patentstyret. Desse områda blei vurderte: Prosessen med Klagenemnda for industrielle rettar (alle område) og patentprosessen knytt til at Patentstyret er mottakande styresmakt for internasjonale patentsøknader under PCT (prosessen receiving office, RO). Dei to revisjonane resulterte i totalt fire avvik, seks observasjonar og ti forbettringsforslag. Funna blir følgde opp med tiltak.

Patentstyret gjennomfører risikovurderingar to gonger i året. Den siste gjennomførte kartlegginga frå september 2024 viser to raude risikoar som blir følgde opp med spesielle tiltak for å gjere etaten mindre sårbar.

Kvalitetskontroll av avgjerder for å kontrollere om dei er i tråd med regelverk og praksis

Patentstyret gjennomfører jamlege kvalitetsmålingar på patent-, varemerke- og designområdet for å verifisere samsvar mellom krav og praksis. Målingane gjev grunnlag for å vurdere måloppnåinga for eksterne og interne krav til korrekt avgjerd, og grunnlag for å identifisere moglege forbetringar. I ei kvalitetsmåling vel Patentstyret tema som er avgjerande for korrekt saksbehandling, og erfarne saksbehandlarar kontrollerer eit utval saker ved hjelp av stikkprøver for å sjå om kvalitetskrava er oppfylte i desse sakene.

Dei overordna kvalitetsmåla til Patentstyret er rett kvalitet i 96 prosent av sakene. Det blei gjennomført tre ulike kvalitetskontrollar på varemerke i 2024. Den første kontrollen blei utført på 28 avgjerder som blei oppheva av Klagenemnda for industrielle rettar (KFIR) i 2023 og 2024, for å kontrollere at avgjerder som KFIR gjer om, er gjennomførte av Patentstyret i tråd med avgjerdene frå KFIR. Det blei ikkje avdekt avvik i kontrollen. Den andre handla om at granskingsrutinen for søknader som gjeld mellom anna jordbruksprodukt, korn, frø og grønsaker (klasse 31), blir følgd. For

slike søknader skal saksbehandlaren granske om varemerket inneheld eller omfattar eit plantesortnamn. 25 søknader blei kontrollerte, og korrekt gransking mangla i tolv av søknadene. Partiet er altså underkjent. Denne granskingsrutinen blei innført i desember 2023, og kontrollen viser at fokuset på området må styrkjast. Den tredje kontrollen gjaldt om søknader som inneheld ei figurativ utforming, er førte på rett figurkode. Totalt blei 50 søknader som inneheldt ein figur kontrollert. I åtte av søknadene var det brukt feil figurkodar, og partiet blei derfor underkjent. I tillegg til manuell figurkoding søker ein på figurar med bruk av biletattkjenning med kunstig intelligens. Denne løysinga er såpass god at vi reknar med at vi trass i mangelen på rett manuell figurkoding har fanga opp rette mothald i saksbehandlinga. Patentstyret vurderer no om det er mogleg å nytte berre biletattkjenning ved varemerkegransking.

På designområdet kontrollerte vi 34 registreringar som blei publiserte i Norsk patenttidende i veke 30 og 31. Kontrollen gjekk ut på om produktklassifiseringa (Locarno-klassifisering) var korrekt utført. Patentstyret fann ingen avvik, og alle sakene var tilfredsstillande behandla. Vidare gjennomførte Patentstyret ein kontroll av seks behandla

designsaker. Det blei konkludert med at det var teke rett avgjerd i alle sakene, og at det generelt er gode og konkrete grunnngjevingar i breva.

Det blei gjennomført ein kontroll av krav om vidare behandling etter fristbrot på patent, varemerke og design. Til saman blei ti saker kontrollerte. Alle krava var behandla tilfredsstillande.

Det blei ikkje gjennomført stikkprøvekontroll på behandling av patentsøknader i 2024.

Dersom Patentstyret oppdagar avvik frå interne retningslinjer og krav, blir dei følgde opp for å sikre kontinuerleg forbetring.

Vurdering av avgjerder frå Patentstyret opp mot resultatet av klagebehandlinga i Klagenemnda for industrielle rettar

Klager på avgjerdene til Patentstyret i patent-, varemerke- og designsøknader blir behandla av Klagenemnda for industrielle rettar (KFIR). Talet på klager er normalt om lag 100–150 per år og har halde seg på dette nivået gjennom mange år. I år er det eit lågare tal på saker enn tidlegare år.

I 2024 kom det inn 95 nye klagesaker. Talet er lågt samanlikna med dei om lag 27 000 avgjerdene Patentstyret tok i perioden. Det

er ulike grunnar til at søkjarane klagar på avgjerdene våre, og talet på klager seier derfor ikkje automatisk noko om kvaliteten på avgjerdene til Patentstyret. Det er likevel nyttig å sjå på vurderingane og resultatet av klagebehandlinga i KFIR.

Varemerke: I dei 98 varemerkesakene som KFIR avgjorde i 2024, blei avgjerda til Patentstyret halden fast i 67 saker. Avgjerda blei heilt eller delvis oppheva i 26 av sakene. Dei resterande sakene blei heva eller avviste av KFIR.

Design: Det har ikkje vore nokon klager på designområdet i 2024.

Patent: KFIR tok 11 avgjerder i 2024. Dei kom til same resultat i åtte av sakene og ulikt resultat i tre saker. I to av sakene blei patentet ført vidare med endra krav, og i to saker blei det gjeve hevingsorskurd.

Patentstyret går gjennom resultata av alle klagesaker etter kvart. Sakene der KFIR har kome til eit anna resultat enn Patentstyret, er ofte tvilssaker. Partane i klagesaker kan også kome med ny dokumentasjon til behandlinga i KFIR, og dette har i fleire tilfelle ført til at innhaldet i klaga er eit anna enn då søknaden blei behandla i Patentstyret. Patentstyret meiner tala viser at resultata stort sett samsvarar med avgjerdene til KFIR.

Harmonisering av praksis med EUIPO og EPO

For det norske næringslivet er det viktig at likt regelverk for behandling av søknader om patent, varemerke og design blir praktisert likt i ulike land, slik at behandlinga er føreseieleg for den som søker om registrering i fleire land. I tillegg til avgjerdene frå KFIR og domstolane følgjer Patentstyret med på europeisk praksis i EPO, EUIPO, EU-retten og EU-domstolen.

Gjennom «Convergence Programme» (CP) og «European Cooperation Project» (ECP) samarbeider EUIPO og dei nasjonale IPR-styresmaktene for å utvikle IPR-området og gjere saksbehandlinga meir einskapleg på varemerke- og designområdet. I 2024 har Patentstyret følgd harmoniseringsprosjektet CP15 «Comparison of goods and services: Treatment of terms lacking clarity and precision and common interpretation of Canon criteria and other factors». Patentstyret har i 2024 avslutta CP14 og harmonisert praksisen som handla om varemerke som er i strid med «offentleg orden» og «moral». Patentstyret har også i 2024 harmonisert med resultatet frå CP13 om varemerke som er i strid med «vond tru». Praksisen til Patentstyret er i samsvar med resultata og prinsippa som kom fram gjennom samarbeidet med EUIPO.

Patentstyret har delteke i møte i ECP Working Group meeting on Classification, Work-Stream Trademark, og det skjer også samarbeid om bruk og utvikling av digitale verktøy til det beste for søkjaren.

På designområdet vil både den nye forordninga og endringane i designdirektivet vere på agendaen i 2025, i tillegg til vedlikehald av tidlegare harmoniseringsprosjekt på designområdet.

På patentområdet kontrollerer Patentstyret sin del av søknadsbehandlinga i Nordisk Patentinstitutt (NPI). Kontrollen skjer ved at Patentstyret og EPO behandlar dei same PCT søknadene, og vi samanliknar resultata av saksbehandlinga hos begge styresmaktene i etterkant. Den niande av desse harmoniseringsstudiane blei avslutta i 2024. Hovudfunnet er også denne gongen at Patentstyret og EPO hovudsakleg er harmoniserte med kvarandre. Når harmoniseringskontrollen viser avvik, blir det lagt vekt på dette i opplæringa av saksbehandlarane. Den tiande harmoniseringsstudien er starta i 2024 og blir fullført i 2025.

Retningslinjene for patent blir oppdaterte jamleg for å harmonisere med tilsvarande retningslinjer hos EPO så langt norsk lov og rettspraksis tillèt det.


Kundevurdering av søknadsbehandlinga

Patentstyret har undersøkt i kva grad privatkunder og bedriftskunder som har levert søknad om patent-, varemerke- eller designregistrering i løpet av 2024, er nøgde. Undersøkingane er gjennomførte i mai 2024, september 2024 og januar 2025, og her viser vi samla resultat. Til saman har 252 kunder svart. Det gjev ein svarprosent på 14,6 prosent.

Undersøkinga måler kor nøgde kundane er med søknadsprosessen, og kor nøgde dei er med rettleiinga dei får gjennom kundesenteret til Patentstyret i samband med søknaden.


Resultata viser at kundane stort sett er svært nøgde med søknadsbehandlinga, og det er små skilnader mellom dei ulike søkjargruppene.

Figur 11: Kor nøgde kundane er totalt, i 2024




Grafane viser gjennomsnittsvurdering på ein skala frå 1 til 5, der 1 er svært misnøgd og 5 er svært nøgd

Figur 12: Kor nøgde kundane er med søknadsprosessen



Grafane viser gjennomsnittsvurdering på ein skala frå 1 til 5, der 1 er heilt ueinig med utsegna og 5 er heilt einig.

Figur 13: Kor nøgde kundane er med rettleiinga




Grafane viser gjennomsnittsvurdering på ein skala frå 1 til 5, der 1 er heilt ueinig med utsegna og 5 er heilt einig.

Vurdering av forundersøkingar

Patentstyret gjennomfører også kvart år ei undersøking blant dei som har kjøpt éi eller fleire forundersøkingar innanfor patent, varemerke og design. Av dei 147 som fekk undersøkinga, har Patentstyret fått 24 svar (svarprosent på 16 prosent). Resultata viser at kundane er nøgde med forundersøkingane våre, og spesielt nøgde med varemerkeforundersøkingane. Dette er omtrent på nivå med fjoråret.

Det blir generelt gjennomført svært få forundersøkingar på designområdet, så det finst derfor ikkje noko talgrunnlag for 2024.

Figur 14: Vurdering av kor nyttige kundane meiner forundersøkingane er, og kor fornøgde dei er med undersøkingane



Grafane viser gjennomsnittsvurdering på ein skala frå 1 til 4, der 1 er svært misnøgd og 4 er svært nøgd.

Tal og prosentdel patentsøknader frå norske søkjarar som blir leverte som førstesøknad til Patentstyret

Norske patentsøkjarar vel oftast å levere den første søknaden om patent (førstesøknaden) i Noreg, og han blir deretter granska av Patentstyret. Dei som ønskjer vern i eksportmarknadene, leverer så eit år seinare ein internasjonal patentsøknad, og dei fleste søknader går til det globale PCT-systemet. Søknaden blir granska av eit PCT-organ, til dømes NPI. Deretter kan søkjarane føre søknaden vidare i dei landa der dei ønskjer patentvern. Andre vegar ut i verda for søknader frå norske søkjarar finst, og dei er også mykje brukte. Det er ikkje eit krav at søknaden først blir levert i eige land, og det kan av strategiske årsaker vere fornuftig for enkelte søkjarar å levere førstesøknaden i andre land eller til EPO.

Prosentdelen av internasjonale søknader frå norske søkjarar som blir leverte til Patentstyret, kan vere ein indikasjon på kor nøgde søkjarane er med Patentstyret, og dette er ein støttande analyse i mål- og resultatstyringa til Patentstyret.

Tabell 13 viser at over halvparten av dei internasjonale patentsøknadene (PCT) som

norske søkjarar leverer, først blei leverte inn til Patentstyret. Resten av dei internasjonale søknadene frå norske søkjarar hadde hovudsakleg prioritet frå USA, Storbritannia og EPO. Dei siste åra har prosentdelen med norsk prioritet variert lite. Samanlikna med Sverige og Danmark brukar norske søkjarar i større grad førstesøknad i heimlandet enn det danske og særleg svenske søkjarar gjer. Dette kan kome av høgare grad av internasjonalisering, men kan også spegle preferansar hos rådgjevarane.

Tabell 13: Delen av internasjonale patentsøknader frå norske søkjarar som har prioritet frå norsk søknad

	2020	2021	2022	2023	2024
Talet på internasjonale søknader (PCT) frå norske søkjarar	713	743	747	707	676
Prosentdel av desse som har prioritet frå norsk søknad	55	51	53	58	59

Kjelde: worldwide.espacenet.com

Delmål 2: Betre bruk av immaterielle verdier

Det er eit mål for Patentstyret at norske bedrifter har nok kunnskap og medvit om korleis dei kan sikre lønsemd gjennom rett bruk av immaterielle rettar og verdier. Gjennom forvaltning og formidling av kunnskap om immaterielle rettar og verdier er Patentstyret ein del av det norske innovasjonssystemet.

Patentstyret har styringsindikatorar som måler kompetanseoverføring til utvalde målgrupper og IPR-modenskap blant norske brukarar. Dette arbeidet må tilpassast etter dei økonomiske rammene Patentstyret har, og føringa frå Nærings- og departementet om å prioritere delmål 1. Om lag fem prosent av ressursane til Patentstyret blei brukte på dette delmålet i 2024.

Kompetanseoverføring

Omfang av arrangements- og kurstilbod

Kurstilbudet til Patentstyret rettar seg både mot personar med lite eller ingen kunnskap om fagfeltet og mot den profesjonelle IP-rådgjevarbransjen. Kursa skal auke kunnskapen om immaterielle rettar og verdier i det norske næringslivet og bidra til kompetanseutvikling for dei profesjonelle aktørane.

Patentstyret når fleire og fleire digitalt. I tillegg til vidareføring av praksisen med å strøyme dei aller fleste arrangementa har etaten dei siste to åra investert mykje i videoproduksjon. Vi tilbyr no fleire kortare, digitale opplæringsnuttar både på nettsidene våre og som opptak. Vidare er målet å dele desse med samarbeidspartnarar i større grad for å sikre endå breiare spreining i større delar av landet enn før.

Verdas immaterialrettsdag (World IP Day) blei gjennomført både fysisk og digitalt. Arrangementet er skildra i nærare detalj i kapitlet «Samarbeid med rådgjevarar på IPR-feltet» nedanfor.

Patentstyret gjennomførte totalt 25 arrangement i 2024, med om lag 2 020 påmelde frå næringslivet og profesjonelle IP-aktørar. Alle påmelde til webinarar får høve til å sjå opptak av

kurset i etterkant. Kursa er dermed tilgjengelege for fleire, og den enkelte kan sjå opptaket eller delar av det når det passar.

Totalt 14 opptak blei publiserte på nettsidene til Patentstyret, og i løpet av året blei dei sett av over 500 personar med ulikt kunnskapsnivå. I tillegg blei det produsert 12 informasjonsvideoar i samarbeid med Helsedirektoratet som er tilgjengelege på YouTube-kanalen til Patentstyret og på patentstyret.no.

Patentstyret måler alltid effekten av arrangementa gjennom korte spørjeundersøkingar i etterkant. Snittvurderinga per kurs låg på 6,18 (på ein skala frå 1 til 7 der 7 er høgast). Tidlegare år har Patentstyret målt kor fornøgde deltakarane er, på ein skala frå 1 til 4. Dette viser at deltakarane jamt over er nógde, noko som tyder på at Patentstyret leverer kurs, webinar og arrangement på eit jamt høgt nivå.

Nokre av temaa på arrangementa våre i 2024

- Vern av forretningshemmelegheiter
- Lansering av analysen av patent innanfor havbruk i samarbeid med TechPort Trondheim
- IP-strategi i oppstartsbedrifta
- Ansvarleg IP-strategi – World IP Day. I samarbeid med WIPO
- Who's (whose) right? Protecting creators' rights in the age of AI, i samarbeid med Oslo Innovation Week og Forskningsparken
- Innovasjonsfrukost – lansering av Global Innovation Index
- Starte-og-drive-dagar

Føredrag og andre arrangement

Patentstyret bidrog også til å auke kunnskapen om immaterielle rettar gjennom ei rekkje føredrag, besøksdagar og andre arrangement i 2024. Aktivitetsnivået heldt seg på omtrent same nivå i 2024 som i 2023. Majoriteten av føredraga blei haldne for studentar ved universitet og høgskular (UoH). Dei resterande føredraga var for verkemiddelapparatet, inkubatorar, næringshagar, katapultar, næringslivsorganisasjonar og andre aktørar. Dei sistnemnde føredraga blei haldne for studentar i ulike fagretningar, inkludert

ingeniørfag, innovasjon og entreprenørskap, bioteknologi, design, marknadsføring, innovasjon og leiling. UoH-miljøa etterspurde hovudsakleg førelesingar om patent, varemerke og design. I tillegg ønskte dei førelesingar om opphavsrett, arbeidstakaroppfinningar, konfidensialitetsavtalar og hemmelegald, og søk etter patentinformasjon.

Samarbeid med verkemiddelaktørane

Patentstyret har i 2024 prioritert samarbeid med Innovasjon Noreg, Siva, Brønnøysundregistra, Digdir og Altinn. Målet med samarbeidet er først og fremst å utvikle felles aktivitetar og tenester, slik at fleire bedrifter aukar kunnskapen og medvitet om korleis vern av immaterielle verdiar kan bidra til verdiskaping og auke konkurransekraft.

Inkubatorar

Ein inkubator er eit innovasjonsselskap som skal bidra til utvikling og etablering av nye vekstbedrifter og skape vekst i det etablerte næringslivet. Inkubatoren tilbyr eit fagleg og sosialt miljø der grunderar, bedrifter, akademisk, FoU-miljø, investorar og andre blir kopla saman.

Meir info: <https://siva.no/virkemidler/inkubasjonsprogrammet/> ↗

I samarbeid med andre aktørar frå verkemiddelapparatet har Brønnøysundregistra, Patentstyret og Norid stått saman om å arrangere «Starte og drive bedrift» rundt i Noreg sidan 2013. Patentstyret arrangerte i alt ni slike arrangement rundt om i Noreg, og dei er populære og godt besøkte.

Samarbeid med rådgjevarar på IPR-feltet

Patentfullmektigar og advokatar er storbrukarar av tenestene våre og bidreg til å styrkje IPR-kompetansen i næringslivet i Noreg. For å levere gode tenester til næringslivet er det viktig at Patentstyret har eit godt samarbeid med aktørane. I 2024 arrangerte Patentstyret for fjerde gong ein fagdag (IP-dagen) saman med Norsk Forening for Industriell Rettsbeskyttelse (NIR), Norsk IP-klynge, Foreningen for norske IP-rådgivere (FONIP) og Norsk Forening for Industriens Patentingeniører (NIP). Arrangementet samla rundt hundre IP-profesjonelle og innovatørar for å utforske korleis teknologidrivne framsteg skaper framtida. Jamlege samarbeidsmøte med FONIP, IPR-rådgjevarar og advokatar blei gjennomført for å få innspel til vidareutvikling og brukartilpassing av tenestene til Patentstyret.

Patentstyret har gjennomført ei kvalitativ

Næringshagar

Ein næringshage er ein operatør for næringshageprogrammet til Siva. Næringshagen er eit bedriftsfellesskap som arbeider for utvikling av næringslivet i sin region. Næringshagemiljøet omfattar ei rekkje bedrifter som er samlokaliserte i næringshagen eller knytte til han gjennom tett oppfølging og samarbeid. Næringshagen gjev bedrifter i distrikta eit innovativt, fagleg og sosialt miljø.

Meir info: <https://siva.no/virkemidler/næringshageprogrammet/> ↗

undersøking blant fullmektigane. Undersøkinga for 2024 er basert på møtereferat frå møte med ulike fullmektigbyrå som blei gjennomførte i løpet av året. Generelt er fullmektigane nøgde med saksbehandlinga og kvaliteten til Patentstyret. Det er ei vedvarande tilbakemelding om noko lang saksbehandling og enkeltavvik i saksbehandling. Under intervjuet i 2020 blei det peika på at fullmektigane er opptekne av føreseieleg behandling og sakene blir avgjorde i tråd med regelverket. Dette viste seg i 2024, då den klaraste tilbakemeldinga frå fullmektigbyrå var behovet for å etablere likare praksis og leveringar saksbehandlarane imellom – å finne relevante mothald og einskapleg saksbehandling uavhengig av saksbehandlar.

I tillegg til saksbehandling har Patentstyret sidan 2020 investert ressursar i å etablere ein god samarbeidsarena for samarbeid og kommunikasjon mellom Patentstyret og dei større aktørane i marknaden. Dette har hatt ein merkbar positiv effekt på samarbeidet, og fullmektigane har peika på at dei opplever eit godt samarbeidsklima med Patentstyret – mykje på grunn av arbeidet som er gjort, og utarbeidinga av tiltak basert på kontinuerlege tilbakemeldingar. Dette arbeidet blir viktig for Patentstyret også i åra framover.

Det er tendens til at enkelte eldre oppfatningar av Patentstyret heng att, mellom anna at andre patentverk stiller sterkare på spesifikke fagområde. Her har utpeika fagavdelingar gjennomført større landskapsanalysar innanfor ulike næringar – mellom anna havbruk og helseindustrien – for å kunne fremje kompetansen til dei tilsette i Patentstyret og spreie kunnskap i desse næringane. Desse landskapsanalysane har fått svært god respons og blitt presenterte på større relevante arenaer. Patentstyret vil halde fram arbeidet med landskapsanalysar i åra framover.

Samarbeid med universitet

Eit av tiltaka i oppfølginga av strategien til

Patentstyret er å formalisere samarbeid om IPR-utdanning ved norske UoH-miljø. Patentstyret har ved utgangen av 2024 samarbeidsavtalar med Oslomet, NTNUs entreprenørskole og TechPort. Patentstyret tilbyr førelesingar i ulike studieretningar og rettleiing av undervisningspersonell, studentar, forskarar og ph.d.-kandidatar.

Utover samarbeidsavtalane har Patentstyret hatt aktivitetar med Høgskolen Kristiania, Fagskolen Kristiania og Universitetet i Oslo.

Norsk katapult

Norsk katapult er ei ordning med nasjonale senter som tilbyr fasilitetar, utstyr og kompetanse. Katapultsenter gjer det enklare for innovative bedrifter å utvikle prototypar, teste, visualisere og simulere. Dette gjer vegen frå konseptstadiet til marknadsintroduksjon enklare for norsk industri.

Meir info: <https://siva.no/virkemidler/norsk-katapult/> ➔

Førespurnader om IP-statistikk

Patentstyret tek jamleg imot førespurnader frå forskingsmiljø, analysebyrå og andre miljø om IP-statistikk og utvikling av rettar i Noreg og internasjonalt. I 2024 har dei fleste

førespurnadene vore knytte til patentområdet. Vidareutvikling av tenester innanfor IP-statistikk vil halde fram i 2025.

Nyheitsbrev

Patentstyret sender ut månadlege nyheitsbrev for mellom anna å promotere nyheiter og artiklar frå nettsidene. Om lag 2300 abonnerer på nyheitsbrevet, og mellom 35 og 50 prosent opnar utsendingane. Sidan 2022 har Patentstyret hatt eit eige nyheitsbrev retta mot dei som har ein del kunnskap om IPR (IP-innsikt). Dette gjer det mogleg å gje informasjon som er tilpassa deira kunnskapsnivå.

Nyheitsbrev har bidrege til auka trafikk og engasjement på nettsidene. Det tyder dermed på at innhaldet er interessant og relevant for abonnentane.

Sosiale medium

Sosiale medium har vore viktige kanalar for å nå gründerar, innovasjonsmiljø og næringslivet med kunnskap om immaterielle rettar. I løpet av 2024 bidrog klikk frå sosiale medium med over 6400 besøk til www.patentstyret.no og søkjetenesta. Dette er ein auke på rundt 20 prosent frå året før, og det som viser at innhaldet engasjerer og skaper interesse blant målgruppene. Tala inkluderer også lenkjedelingar

frå samarbeidspartnarar og andre.

Ved utgangen av 2024 hadde Patentstyret rundt 15 200 følgjarar på LinkedIn, Facebook og Instagram.

Dei ulike kanalane har bidrege ulikt

- **LinkedIn** stod for 53 prosent av trafikken frå sosiale medium. Plattformen er særleg effektiv for å nå profesjonelle målgrupper, og innhaldet er prega av fagleg tyngd og relevante kampanjar. Brukarane viser høg interesse for immaterielle rettar gjennom lange brukarøker og godt engasjement.
- **Facebook** bidrog med 45 prosent av trafikken og gjorde Patentstyret synlege for eit variert publikum. Kanalen er kjenneteikna av godt engasjement under kampanjar og innhald som treffer breiare målgrupper. Brukaråtferda viser at mange engasjerer seg gjennom klikk og deling av innhald.
- **Instagram** utgjorde ein svært liten prosentdel av trafikken, men plattformen appellerer spesielt til visuelle kampanjar og innhald som gjer folk nysgjerrige.

Totalt sett har sosiale medium vore eit verdifullt verktøy for å spreie kunnskap og engasjere målgruppene våre i 2024.

Velgekte.no i sosiale medium

15 prosent av all trafikk til velgekte.no kom direkte frå målretta arbeid frå sosiale medium. Patentstyret la særleg vekt på målgruppa unge forbrukarar. For å nå desse laga Patentstyret ein

kampanje i Snapchat, og 87 prosent av all trafikk frå sosiale medium kom derfrå.

Tradisjonelle medium

Patentstyret har hatt 627 omtalar i redaktørstyrte medium i 2024. Dette er det høgaste registrerte talet på medieomtalar i løpet av eitt år. Det er framleis eit stort behov for å styrkje profileringa av Patentstyret og auke kunnskapen rundt immaterielle rettar, og her er mediedekning eit viktig ledd for å nå eit større publikum.

Det er spesielt to saker som har oppnådd mykje omtale i 2024: ny Vel ekte-undersøking om piratkopiering og Stratos-konflikt om fargemerke. I den førstnemnde saka spela Patentstyret ei aktiv rolle med fleire presseinitiativ og tre pressemeldingar med ulike budskapar. Begge pressemeldingane med Patentstyret som avsendar oppnådde god dekning, og i den eine uttalte kulturminister Lubna Jaffery seg.

I saka om blåfargen til Stratos hadde Patentstyret fleire ekspertfråsegner i ulike medium, med god spontan mediedekning der journalistar sjølv finn informasjon i dei offentlege tekstane til Patentstyret. Begge sakene har gjeve god plass i samfunnsdebatten, med fleire meningsinnlegg og debattar med anerkjende samfunnsdebattantar. Dette inkluderer Dagsnytt 18 på NRK, Fredagspanelet og Nyhetskompaniet i TV 2, og VG.

I 2024 har Patentstyret retta merksemda mot patent og publisert fleire saker om nyleg kunngjorde nasjonale patent. Her har Patentstyret fått gode oppslag i lokalaviser og

nisjeblad for teknologar og ingeniørar. Elles har Patentstyret god dekning i riksmedia.

Styresmaktsnettverk mot inngrep i immaterialrettar og nettsida velgekte.no

Inngrep i immaterialrettar, som varemerkeforfalsking og piratkopiering, påverkar mange samfunnsområde. Styresmaktsnettverk mot inngrep i immaterialrettar blei etablert i 2015 for å sikre koordinering på tvers av fagområda til ulike styresmakter for mellom anna å auke medvit og kunnskap om temaet. I tillegg er det eit felles initiativ for førebyggjande og opplysande arbeid med mål om å kjempe mot problemet.

Det blei halde éi samling i nettverket i 2024, og hovudtemaet for samlinga var auke i ulovleg strøyming av TV-seriar og filmar og at ulovleg IPTV har fått fotfeste i Noreg. Dei aktuelle organisasjonane som forvaltar rettar, blei inviterte og heldt presentasjonar.

Tre område har vore framståande i 2024:

- **Kunnskap om haldningar, forståing og åtferd**

I samarbeid med Kultur- og likestillingsdepartementet og Tolletaten gjennomførte Patentstyret den landsrepresentative undersøkinga «Holdninger, forståelse og atferd til falske varer, og til bruk av ulovlige strømme- og nedlastingstjenester som tilbyr opphavsrettslig beskyttet materiale».

Undersøkinga avdekkjer at privatøkonomi og pris spelar sterkt inn på kjøp av falske varer og bruk

av ulovlege tenester. Eit anna gjennomgåande funn i undersøkinga er skilnaden mellom aldersgruppene. Dei yngre er heilt tydeleg meir opne for å kjøpe falske varer eller bruke ulovlege strøyme- og nedlastingstenester enn den eldre garden. Den konkrete og utfyllande kunnskapen om haldningar, forståing og ikkje minst åtferd vil spele ei viktig rolle for Vel ekte og det vidare arbeidet i styresmaktsnettverket. Svare og funna i undersøkinga vil liggje til grunn for å kunne utforme målretta oppfølgingstiltak – til dømes førebyggjande arbeid i form av opplysning og informasjon.

- **Forbetring, nyutvikling og forenkling av budskap på velgekte.no**

Velgekte.no er ei informasjonsside om varemerkeforfalsking og piratkopiering. På sida finn forbrukaren råd og tips om korleis ein kan velje ekte når ein handlar. Nettsida har fått ei moderne utforming, enklare språk og formidling og ny teknisk drakt. Det har vore lagt vekt på å forbetre og forenkle og på denne måten nå ut til fleire som leitar etter informasjon om temaa. Dette er synleg ved at fleire besøkjande finn fram til relevant informasjon.

Dei mest besøkte sidene på velgekte.no er informasjonssida om piratkopiering, kampanjesidene i samband med den nye haldningsundersøkinga, informasjon om IPTV og ulovleg strøyming og artikkelen om ofte piratkopierte varer. Det var klare besøkstoppar under sommarkampanjen i juli og august og under julekampanjen i november og desember.

- **Bidragssytar i samfunnsdebatten**

Rolla til Patentstyret som prosjektleiar for velgekte.no og sekretariatsfunksjon for styresmaktsnettverket er å formidle informasjon og bidra med fakta inn i store som små spørsmål. I løpet av året har fleire svært aktuelle problemstillingar blitt plukka opp av media, og Patentstyret har i stor grad vore synleg anten i form av å bidra med tal og bakgrunnsinformasjon eller å svare på spørsmål.

I 2024 har velgekte.no hatt 142 presseomtaler, som er den mest omfattande dekninga i redaktørstyrte medium sidan opprettinga av styresmaktsnettverket. Auken skriv seg primært frå det strategiske pressearbeidet som er knytt til haldningsundersøkinga.

Desse tala inkluderer fleire bidrag i samfunnsdebatten med meningsartiklar frå kjende samfunnskommentatorar eller panelsamtalar i riksmidia. Vel ekte distribuerte to pressemeldingar med Patentstyret som avsendar. Dei var utarbeidde i samarbeid med Tolletaten og Kultur- og likestillingsdepartementet. Ei av pressemeldingane blei fronta av kulturminister Lubna Jaffery som talsperson.

Når det gjeld anna opplysningsarbeid og arbeid for å gjere forbrukarane meir medvitne, deltok Patentstyret på arrangementet Oslo havnelangs saman med Tolletaten. I samband med World Anti-Counterfeiting Day hadde Vel ekte, i samarbeid med Kultur- og likestillingsdepartementet,

opplysningskampanjar på digitale flater.

I 2024 var det eit mål å nå fleire unge forbrukarar, og Vel ekte satsa derfor på sosiale medium der denne målgruppa er aktiv. Snapchat viste seg å vere den mest effektive kanalen – av dei 15 prosentane som besøkte velgekte.no, via sosiale medium, kom heile 89 prosent frå denne plattformen.

Patentstyret har elles følgd den internasjonale utviklinga på området, mellom anna gjennom deltaking i WIPO-komiteen Advisory Committee on Enforcement (ACE) og The European Observatory on Infringements of Intellectual Property Rights (EU-observatoriet).

Kundesenteret

Kundesenteret til Patentstyret tok i 2024 imot om lag like mange førespurnader som året før, både på telefon og e-post.

Fordelinga av førespurnader er tilsvarende som før, med hovudvekt på varemerke, etterfølgd av patent og design. Kundane fekk mellom anna svar på spørsmål om søknadsprosessar, regelverk, internasjonale søknadsordningar og kva for aktørar som kan støtte dei i innovasjonsprosessen.

Patentstyret er stolte av å nok ein gong bli kåra til å ha den beste kundeservicen i offentleg sektor. Denne prisen, som blir delt ut av analyse- og innsiktsbyrået SeeYou, stadfestar at kundesenteret vårt tek godt vare på kundane, og at dei opplever å få god rettleiing.

Patentstyret har eit fagleg sterkt lag på

kundesenteret, der medarbeidarane rettleier kvarandre for å stadig heve kvaliteten på kundeservicen. Å ta godt vare på kundane står høgt på prioriteringslista, og Patentstyret jobbar strukturert og målretta for å kontinuerleg forbetre all kommunikasjon og rettleiing.

Med innføringa av nytt CRM-system får Patentstyret endå betre moglegheiter til å samle verdifull kundeinnsikt. Dette vil gje eit solid grunnlag for vidare utvikling av tenestene og høve til å skape endå meir verdi for kundane.

Opplevd kompetanseoverføring


Patentstyret evaluerer alle kurs, føredrag og arrangement i etterkant for å sjå om deltakarane er nøgde. Målet er ein skår på 3,5 på ein skala frå 1 til 4. Målet blei nådd for dei fleste arrangementa – sjå figur 15.

Patentstyret måler også korleis kundane opplever kompetanseoverføringa ved kjøp av informasjonstenester og i søknadsbehandlinga. Resultata er viste under kundevurderingar

For 2024 har det blitt gjennomført ei oppdatering av målinga av kor nøgde kundane er med kurs, føredrag og arrangement. Tidlegare blei kundane bedne om å vurdere «Nytteverdi» på ein skala frå 1 til 4, der 1 er dårlegast og 4 er best. Dette legg til rette for ei subjektiv vurdering av kva som fell inn under «nytteverdi». Nytteverdi blir heretter målt basert på i kva grad deltakarane kan bruke informasjonen dei fekk i arrangementet, i eige arbeid på ein skala frå 1 til 7.

I 2023 gav kundane litt over 3,5 av 4 i vurdering av kor fornøgde dei var med kurs, føredrag og arrangement, og kor nyttige dei meinte dei var. Dette svarar til 6 på ein sjupunkts likertskala. I 2024 ligg nytteverdien på 5,8 og fornøgdevurderinga på 6,2. Dette tilseier at kundane til Patentstyret har god bruk for innhaldet som blir presentert, og at dei generelt er fornøgde med det som blir levert.

Figur 15: Opplevd kompetanseoverføring i 2024



IPR-modenskap

IPR-modenskap fortel i kva grad bedriftene brukar immaterialrettssystemet, i kva grad dei tek omsyn til immaterielle rettar i verksemda si, og om dei er medvitne på om dette er relevant eller ikkje for bedrifta. For mange bedrifter kan berre retten til føretaksnamn og varemerke vere aktuelt, medan eigarskap til immaterielle rettar for andre kan vere sjølve forretningsideen. Mange nyttar immaterielle rettar primært for å verne om dei immaterielle verdiane sine,

medan andre bedrifter brukar IPR meir aktivt i forretningsverksemda, gjerne langsiktig og strategisk.

Det er viktig at dei bedriftene som immaterielle verdier og rettar er relevant for, er medvitne og sørgjer for å ha ein IPR-strategi som gjev dei kontroll og nødvendig sikring av verdiane sine, og at dei overvaker konkurrentar og moglegheitsrom.

Patentstyret gjennomførte hausten 2023 ei undersøking blant norske verksemdar om kjennskap til Patentstyret og merksemda deira rundt patent, varemerke og design¹. Undersøkinga viser at det er relativt låg kjennskap til Patentstyret. Om lag 10 prosent av dei spurde svarar at dei kjenner Patentstyret godt. Dette er på nivå med tidlegare undersøkingar.

Undersøkinga måler også IPR-modenskap blant verksemdene. Resultata viser at færre verksemdar no enn i tidlegare målingar har diskutert om patent, varemerke og design er relevant for verksemda, og om dei har handlefridom med tanke på om andre kan ha rettar som kan hindre verksemda i å selje noverande eller framtidige varer og tenester. Det er også nedgang i talet på verksemdar som svarar at dei vil bruke ressursar på immaterielle verdier og rettar i tida som kjem. Førre måling var i 2015.

Undersøkinga viser at det er ein nedgang i IPR-modenskap blant norske verksemdar. Det er

¹ Bedriftsundersøkelse gjennomført nov.23. blant 1000 Landsrepresentativt utvalg mht. geografi, næring og størrelse.

vanskeleg å seie noko bestemt om årsaka til denne nedgangen, men han fell saman med ein nedgang i søknadstala i same periode.

Talet på patent i kraft i Noreg har stige frå om lag 42 000 til om lag 56 000 dei siste fem åra som følgje av at Noreg slutta seg til EPC. Om lag 6300 av desse er frå norske verksemder. Om veksten held fram slik dei neste fem åra, vil det venteleg bli om lag 70 000 patent i kraft her i landet. Talet på varemerke i kraft har auka til om lag 253 000 dei siste fem åra, 44 000 frå norske verksemder, og talet på design til 13 200, 1 850 av desse frå norske verksemder. På desse områda vil tala venteleg auke vidare. Utanlandske verksemder står for det aller meste av auken. Utviklinga vil innebere at fleire verksemder i det norske næringslivet må auke kunnskapen sin om immaterielle rettar, fordi dei i langt høgare grad enn tidlegare må ta innover seg rettane til andre verksemder.

Talet på forundersøkingar

Patentstyret utførte til saman 615 forundersøkingar i 2024, som er ein nedgang frå dei to åra før, då det blei gjort høvesvis 837 (2023) og 1014 (2022) forundersøkingar.

Talet på utførte forundersøkingar innanfor design har gått ned dei siste åra, og i 2024 blei det berre gjennomført fire forundersøkingar.

Det var også nedgang i talet på utførte forundersøkingar på patentområdet frå 197 i 2022 og 185 i 2023 til 155 i 2024. Dialogsøk er framleis den typen forundersøking det er utført

mest av (53). Deretter følgjer nyheitsundersøking (32) og vurdering av om noko kan patenterast (16).

Privatpersonar, små og mellomstore bedrifter og gründerar er ei aukande kundegruppe på dette fagområdet. Fullmektigar og andre byrå er den kundegruppa som fekk utført flest forundersøkingar per kunde.

Den største nedgangen i talet på utførte forundersøkingar var på varemerkeområdet med 456 forundersøkingar i 2024, samanlikna med 646 året før og 824 i 2022. Fullmektigar er den største kundegruppa, med om lag 90 prosent av omsetnaden for forundersøkingar på varemerke. Små og mellomstore bedrifter nyttar i mindre grad denne tenesta og søker heller direkte for å få registrert varemerke.

Det blei i 2023 vedteke å auke prisane på alle

forundersøkingar med verknad frå og med 2024.


Samla tal på patent-, varemerke- og designsøknader frå norske søkjarar til utlandet

Det samla talet på søknader frå norske søkjarar til utlandet gjev ein indikasjon på IPR-modenskap. I tillegg til talet på patent-, varemerke- og designsøknader frå norske søkjarar i Noreg er det derfor også relevant å sjå på kor mange søknader norske søkjarar leverer i andre land. I 2023 var talet på søknader frå norske søkjarar til utlandet (24 849) 5,7 gonger

høgare enn talet som blei levert av norske søkjarar til Noreg (4 348). Om vi ser på utviklinga dei siste ti åra (2013–2023), har talet på patentsøknader frå norske søkjarar til utlandet lege ganske stabilt på om lag 4 500 sidan 2017, men har gått ned til 4075 i 2023. Varemerkesøknader har auka jamt sidan 2014, opp til 24 800 i 2021, men har gått ned til 17 800 i 2023. Designsøknader, som har hatt ein jamn auke fram til 2021 med om lag 3 800

søknader, har falle til om lag 2 900 dei to siste åra. Merk at tala på søknader om EU-varemerke og EU-design er multipliserte med talet på land som er omfatta av ordninga, medan europeiske patentsøknader berre er talde éin gong. Data for 2024 var ikkje tilgjengelege då årsrapporten blei utarbeidd. Figuren nedanfor viser utviklinga over tid av det samla talet på søknader om industrielle rettar til utlandet som er leverte av norske søkjarar. At talet har auka over tid, tyder på aukande IPR-modenskap.

Figur 16: Talet på søknader om industrielle rettar frå norske søkjarar til land utanom Noreg



Kjelde: WIPO Statistics Data Center

Utvikling av Patentstyret gjennom digitalisering

Å vidareutvikle organisasjonen og saksbehandlinga gjennom å utnytte dei moglegheitene som ligg i å ta i bruk ny teknologi, var ei av føringane i tildelingsbrevet for 2024. Dette inkluderer også vidareføring av arbeidet med eksisterande og nye digitale løysingar.

Altinn er ein sentral kanal for næringslivet for innlevering av søknader, sending og mottak av korrespondanse om design, varemerke og patent med i overkant av 120 000 transaksjonar i 2024. Spesielt dei profesjonelle kundane, som fullmektigar og advokatar, er storbrukarar av skjemaa, og enkelte aktørar har også integrasjon mot fagsystema sine.

Søknadsvegvisarane, spesielt på varemerkeområdet, er framleis ein viktig kanal for norske små og mellomstore bedrifter. På sikt ønskjer Patentstyret at dette kan tilbydast via Nye Altinn. Framleis blir det jobba med å gjere EIDAS-sertifisert innlogging og signaturhandlingar tilgjengeleg i ID-porten for utanlandske kundar, slik at dette kan nyttast for tenester i Nye Altinn. Dette er vesentleg for vidare digitalisering og effektivisering av søknadsprosessen sidan om lag 80 prosent av søknadene er frå utlandet.

I 2024 utførte Patentstyret ei rekkje oppdateringar og forbetringar i ulike produkt.

Nye Altinn

Patentstyret legg til grunn informasjonen i digitaliseringsrundskrivet frå Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet av 9. februar i år 2 om at Nye Altinn skal nyttast som hovudkanal for overordna informasjon om rettar og plikter for etablerarar og næringsdrivande. 2023 var siste prosjektår med medfinansieringsmidlar frå Digitaliseringsdirektoratet for prosjektet SMART-tilgjenge. Ein av leveransane var kapasitet mot Nye Altinn. Dette var startskotet for eit større arbeid med vidareutvikling og overflytting av skjemaa til Patentstyret, og dei første blei tekne i bruk i 2024.

Den nye og moderne arkitekturen vil sørgje for at offentlege verksemder som Patentstyret kan samhandle digitalt gjennom nødvendig fellesfunksjonalitet på ei meir fleksibel plattform enn tidlegare. For næringslivet vil

det vere ein fordel at all kommunikasjon med det offentlege skjer på same plattform som i dag, med auka grad av eintydig ID.

I 2024 har Patentstyret oppretta enkelte skjema frå grunnen av og gjort ei enklare overflytting av andre. Moderniseringa bidreg til verdi for kundane ved automatisk utfylling, meir effektiv bruk og betre kontroll av innhald. Det gjev igjen auka datakvalitet og redusert ressursbruk internt. Patentstyret skaper ei betre kundereise på dei skjemaa der kundane har størst problem i dag, og fleire gode rettar – særleg for små og mellomstore bedrifter som ikkje har råd til profesjonell hjelp i søknadsprosessen. Ein ekstra gevinst er at arbeidet også har bidrege til å utvikle felleskomponentar som andre statlege etatar kan nytte seg av. Arbeidet blir slutført tidleg i 2025.

Av større ting er høvet til å endre referanse- og kontaktinformasjon i patent-, design- og varemerkesaker, slette klassar i registrerte varemerke – typisk for å spare avgifter ved fornying – og utløyse fristforlenging på svarfristar særleg nyttig. Tidleg i 2024 blei digital kunngjeringsløyising for rettar lansert, med gode tilbakemeldingar. Løysinga er blitt eit førebilete for andre IP-styresmakter.

I løpet av 2024 styrkte tenesta Søk, der aktørar kan gjere oppslag i rettar, seg ytterlegare som ein sentral ressurs for informasjon om rettar om patent, varemerke og design. Eit brukarengasjement på meir enn 3,1 millionar sidevisingar, 389 000 økter og 114 300 brukarar viser at tenesta har stor verdi for næringslivet. Dette gjeld både for små og mellomstore bedrifter og proffkundar som fullmektigar og advokatar.

Patentstyret forvaltar store mengder data på vegner av det norske næringslivet. I 2024 blei det jobba med å gjere data tilgjengelege i form av opne datasett på data.norge.no, som samlar godt over 200 API og om lag 8000 datasett. Fleire verksemder blir med dette klar over at det finst større potensial for betre samhandling på

tvers i offentleg sektor og med det private, og at næringslivet kan byggje tenester basert på opne data som det Patentstyret tilbyr. Dette er i tråd med føringar i Digitaliseringsrundskrivet og digitaliseringsstrategien til regjering, som gjer det mogleg at private aktørar kan byggje tenester basert på data om rettar og andre typar offentlege data. Som ein del av dette vil også Patentstyret leggje til rette for at norske varemerke blir tilgjengelege i Global Brand Database i regi av WIPO, som dekkjer 66 985 281 oppføringar frå 83 datakjelder. Her blir varemerke frå norske rettshavarar eksponerte globalt. Patentstyret tilfører med andre ord verdi sidan rettane blir eksponerte i ein heilt annan skala enn tidlegare.

I januar 2024 lanserte Patentstyret nye nettsider for å gjere det enklare og meir intuitivt for kundane å finne og bruke informasjon om immaterielle rettar. Nettsidene hadde 780 000 sidevisingar og 312 000 økter frå 127 000 aktive brukarar. Over halvparten av trafikken kom frå søkjemotorar med Google som viktigaste kjelde. Nettsida brukar ein kombinasjon av bokmål og nynorsk, og det er ikkje lenger eit val mellom dei to målformene.

Den nye løysinga er utforma etter tilbakemeldingar frå brukarane og tilbyr betre navigasjon, raskare tilgang og meir tilpassa verktøy. Ytingsskåren auka frå 69 til 82 på ein skala frå 0–100 etter forbetringar i søkjemotoroptimalisering, raskare lastetider og redusert karbonavtrykk. Brukaropplevinga er styrkt for gründerar og små og mellomstore bedrifter, og prosentdelen brukarar som fekk gjort det dei kom for, auka markant, frå 60 prosent i 2023 til 74 prosent i 2024. Patentstyret utvikla i løpet av fjoråret ein sjølvtest for immaterielle rettar (IPR), der brukarane kan finne ut kva for rettar som er relevante for dei. Testen er fleksibel og same mal er nytta til å utvikle sjekklistar i samarbeid med Helsedirektoratet for å auke kunnskapen om IPR blant innkjøparar, bedrifter og investorar.

I 2024 bygde Patentstyret kompetanse, kapasitet og infrastruktur for sikker og styrt bruk av generativ kunstig intelligens (KI). Konseptet vårt har vist gode resultat: Ein chatbot gjev saksbehandlaren støtte basert på register, regelverk, retningslinjer og rutinar. Det er forventa at systemet blir sett i produksjon i 2025, i tillegg til nye initiativ innanfor KI.

Patentlandskapsanalysar

I 2024 la Patentstyret større vekt på å formidle innhaldet i patentlandskapsanalysar til relevante fagmiljø enn tidlegare. I juni 2024 blei patentlandskapsanalysen «Havbruk – globale trender og muligheter for norsk næringsliv» presentert for havbruksnæringa under Trondheim Tech Week. Arrangementet engasjerte publikum og skapte gode diskusjonar.

I november 2024 blei arbeidet med patentlandskapsanalysar gjennom snart ti år presentert på den største IP-konferansen og -messa i Europa, IP Service World, i München.

Arbeidet med ein ny patentlandskapsanalyse innanfor maritim sektor blei sett i gang på tampen av 2024, og dette arbeidet vil bli fullført i første kvartal i 2025.

Forretningshemmelegheiter

Patentstyret blei i 2024 bedne om å kartleggje, greie ut behov og vurdere potensielle tenester i samband med forretningshemmelegheiter. Med bakgrunn i bestillinga gjorde Patentstyret ei undersøking av eksisterande praksis ved andre patentverk, nasjonale rådgjevarar og internt hos Patentstyret.

Undersøkingane som er presenterte i rapporten, peikar på det generelle behovet for auka kompetanse og medvit rundt forretningshemmelegheiter. Gjennom samtalar med «spesialistar» med breitt nedslagsfelt i det norske næringslivet avdekte rapporten at det særleg er behov for auka medvit om til dømes verdien av forretningshemmelegheiter, om forsvarleg bruk og utnytting, og generelt om vilkåra for vern. Dette er ei teneste Patentstyret tilbyr, men som bør styrkjast og intensiverast i stor grad i samarbeid med etablerte aktørar. Andre tenester, inkludert meir fleksibel søknadsprosess, uavhengig registrering av innehavar og innhald i digitalt materiale, og alternativ tvisteløysing, krev nærare utgreiing, men ser ut til å kunne dekkje eit visst behov i næringslivet.

Andre område Patentstyret har ansvar for

Klager på føretaksnamn

Dersom nokon meiner at eit føretak som er registrert i Føretaksregisteret i Brønnøysund, krenkjer rettane deira etter føretaksnamnelova, kan dei krevje at registreringa blir oppheva ved administrativ overprøving. Dei fleste av krava går ut på at nokon meiner at eit registrert føretaksnamn er eigna til forveksling med ein eldre rett til eit varemerke eller føretaksnamn, og at føretaksnamnet derfor er registrert i strid med føretaksnamnelova. Patentstyret fekk inn 20 krav om administrativ overprøving av registrerte føretaksnamn i 2024. I 2024 blei 19 krav avgjorde.

Representere Noreg i internasjonale møte på immaterialrettsområdet

Patentstyret representerer Noreg i fleire internasjonale møte på området immaterialrett. I forkant blir norske posisjonar avklarte med dei ansvarlege departementa. Patentstyret rapporterer til departementa i vesentlege saker. Patentstyret bidreg i regelverksarbeid innanfor industrielle rettar og støttar ulike departement i spørsmål om IPR.

World Intellectual Property Organization (WIPO)

Patentstyret representerte i 2024 Noreg på generalforsamlingane i WIPO og i underliggjande komitear i organisasjonen på området for industrielt rettsvern. Patentstyret deltek jamleg i fleire faste komitear: system for klassifisering av oppfinningar for attfinning i seinare gransking av nye oppfinningar, klassifisering av varer og tenester for søknader om varemerkevern, patentlovkomiteen, varemerke- og designkomiteen og komiteane for dei internasjonale søknadsordningane for patent, varemerke og design.

European Patent Organisation (EPO)

Patentstyret representerer Noreg i forvaltningsrådet for Den europeiske patentorganisasjonen (EPO) og i underliggjande komitear. I 2024 deltok Patentstyret på møte i forvaltningsrådet, møte i budsjett- og finanskomiteen, patentlovkomiteen og i teknisk/operasjonell komité.

Samarbeidet mellom EPO og medlemslanda i dei faste komiteane er supplert av eit omfattande samarbeid i det såkalla europeiske patentnettverket (European Patent Network, EPN).

European Union Intellectual Property Office (EUIPO)

Det er viktig for næringslivet at dette rettsområdet er føreseieleg. For å oppnå dette må ein bruke det same regelverket og praktisere det på same måten i dei ulike landa. På design- og varemerkeområdet tek derfor Patentstyret aktivt del i møte i EUIPO og tilpassingsprogrammet i EUIPO. Gjennom dette programmet samarbeider landa for å gjere saksbehandlingspraksis i EUIPO og i dei europeiske varemerke- og designstyresmaktene meir heilskapleg. EUIPO er også ansvarleg for observatoriet mot inngrep i immaterielle rettar. Patentstyret tek del i møta i observatoriet og deler informasjon i styresmaktsnettverket og på nettstaden velgekte.no.

EU og EFTA

Patentstyret har også i 2024 teke del i EFTA/EØS-arbeidet innanfor industrielt rettsvern. Patentstyret har delteke på møte i spesialutvalet for immaterialrett og i arbeidsgruppa for immaterialrett i Brussel, som møter EU-kommisjonen. I enkelte tilfelle har Patentstyret også delteke i arbeidsgruppa for IPR-regelverk i EU-kommisjonen (GIPP). Etter oppmoding frå Nærings- og fiskeridepartementet har

Patentstyret teke del både i førebuingane til og i delegasjonen ved ei rekkje frihandelsforhandlingsrundar i EFTA-regi om særskilde vedlegg om vern av immaterialrett (Chile, Kosovo, Malaysia, Mercosur, Moldova, Thailand og Vietnam).

Nordisk Patentinstitut (NPI)

Noreg er partner i Nordisk Patentinstitut saman med Danmark og Island. NPI har to hovudaktivitetar:

- behandling av PCT-søknader som eit av PCT-organa i WIPO
- oppdrag med søk i patentlitteratur og andre informasjonskjelder for det internasjonale næringslivet

NPI har ein eigen stab med ansvar for administrasjon, sal og kontakt med WIPO. Saksbehandlarar i Patent- og Varemærkestyrelsen (PVS) i Danmark og Patentstyret i Noreg utfører oppdrag, gransking og IPR-fagleg harmonisering og kvalitetssikring på vegner av NPI.

NPI behandlar PCT-søknader frå norske, danske og islandske søkjarar. Dei fleste PCT-søknader som Patentstyret behandlar, er frå norske firma som vil sikre teknologien sin i eksportmarknadene. NPI fungerer dermed

etter føremålet, som er å levere tenester av god kvalitet som eit «lokalt» PCT-organ.

NPI utfører også timebetalte oppdrag med søk i patentlitteratur og andre informasjonskjelder for det internasjonale næringslivet. Dette samsvarar med forundersøkingane som Patentstyret utfører. Den største kundegruppa er europeiske advokatfirma, men NPI leverer også mykje til europeiske konsern. Det er også store leveransar til advokatfirma og konsern i USA. NPI er internasjonalt kjent som ein leverandør med høg kvalitet.

Behandlinga av PCT-søknader og NPI-oppdrag er fagleg svært lik behandlinga av nasjonale patentsøknader. Det er derfor stor synergieffekt mellom desse aktivitetane og oppgåver Patentstyret utfører som nasjonal styresmakt. Patentstyret utfører internasjonale oppdrag på tekniske fagområde med mindre norsk aktivitet. Patentstyret skal etter lova kunne behandle patentsøknader til Noreg på alle tekniske fagfelt, så dei internasjonale oppdraga bidreg etter føremålet til å sikre fagleg kvalitet på alle fagfelt. Arbeidet med det internasjonale næringslivet gjev i tillegg Patentstyret viktig erfaring og kunnskap både om søkjestrategi, kundeoppfølging og korleis det internasjonale næringslivet brukar patent og patentinformasjon

i forretningsstrategien sin. Denne erfaringa kjem igjen det norske næringslivet til gode gjennom informasjonsarbeidet vårt til dei.

PCT-søknader – internasjonal fase

I 2024 fekk Patentstyret 109 PCT-søknader gjennom NPI, mot 126 i 2023.

Behandling av PCT-søknader for NPI er ein del av oppgåvene til Patentstyret. I motsetnad til behandlinga av nasjonale patentsaker er behandlinga av PCT-søknader underfinansiert. Dette er fordi søknadsgebyra, som blir fastsette av WIPO, ikkje dekkjer dei faktiske kostnadene for søknadsbehandlinga. Det økonomiske resultatet for PCT viser derfor eit underskot på kr 1 831 520 for 2024.

Søkjeoppdrag for internasjonale kundar

I 2024 fekk Patentstyret kr 4 230 238 i inntekt for NPI-oppdrag. Det er ein nedgang på kr 3 024 740 frå 2023, men i 2023 var det ekstraordinært høg omsetnad. Historisk har omsetnaden i NPI variert mykje over tid. Det økonomiske resultatet for NPI-oppdrag viser eit overskot på kr 451 567 for 2024, mot kr 1 148 409 i 2023. Det er arbeidd ekstra med rutinar i 2024. For 2025 er det planlagt ein reduksjon i databasekostnadene.

Tabell 14: NPI-rekneskap

NPI-rekneskap		2024
BS		4 230 238
PCT		701 450
Sum NPI-inntekter		4 931 688
PCT		
Saksbehandlarkostnader (1-1000)		2 479 505
Databasekostnader: variabel del		61 283
Andre kostnader:_		
50% av NPI anna N08		40 745
50 % av seksjon 510		-48 563
BS		
Saksbehandlarkostnader (3-1001)		2 637 641
Databasekostnader: fast del + variabel del		747 312
Andre kostnader:_		
50% av NPI anna N08		40 745
50 % av seksjon 510		-48 563
Overhead		401 535
Sum NPI-kostnader		6 311 641
Resultat		-1 379 953

Resultat per produkt		2024
NPI		
Inntekt		4 230 238
Saksbehandlarkostnader		2 637 641
Databasekostnader		747 312
Administrative kostnader		-7 817
Overhead		401 535
Resultat BS		451 567
PCT		
Inntekt		701 450
Saksbehandlarkostnader		2 479 505
Databasekostnader		61 283
Administrative kostnader		-7 817
Resultat PCT		-1 831 520

Tilsynsstyresmakt for kollektiv forvaltning av rettar / godkjenning av avtalelisensutløysande organisasjonar

Etter lov om kollektiv forvaltning av opphavsrett og nærstående rettigheter er Patentstyret tilsynsstyresmakt for organisasjonar og einingar som kollektivt forvaltar opphavsrett og nærstående rettar, inkludert medlemsorganisasjonar av ein kollektiv forvaltningsorganisasjon som fordeler og betalar ut vederlag for rettar.

Patentstyret er også godkjenningsorgan for organisasjonar som søker om å inngå avtale med avtalelisensverknad etter åndsverklova.

Lov om kollektiv forvaltning av opphavsrett og nærstående rettigheter gjennomfører EU-direktiv om kollektiv forvaltning av rettar i norsk rett og skal styrkje stillinga til rettshavarane der dei har overlate forvaltninga av rettane sine til ein kollektiv forvaltningsorganisasjon, sikre brukarar av opphavsrettar og forenkle lisensiering av musikkrettar for fleire territorium.

Organisasjonar som driv aktivitet som er omfatta av tilsynet, har plikt til å registrere seg hos Patentstyret. Per 31. desember 2024 omfatta registeret til Patentstyret 42 registrerte organisasjonar og einingar.

Gjennom tilsynsrolla skal Patentstyret føre tilsyn med at føresegnene i lova blir haldne, og at rettar blir forvalta på ein effektiv, tryggjande og open måte. Patentstyret kan gje organisasjonar

pålegg om å rette forhold, skrive ut gebyr for brot og påleggje tvangsmulkt, men prioriterer sjølv arbeidet sitt og er ikkje pliktige til å gripe inn ved alle tilfelle av brot. Klagenemnda for mediesaker (Medieklagenemnda) er klageinstans for avgjerder frå Patentstyret.

Patentstyret tok imot fleire klager og førespurnader frå rettshavarar og andre i 2024, og gjennomførte møte med mellom andre Kulturdepartementet og nordiske tilsynsstyresmakter. Patentstyret deltok på bransjearenaer som det årlege opphavsrettskurset, BY: LARM, Nordic Copyright Symposium og relevante faglege seminar i regi av mellom andre Klagenemndssekretariatet. I samband med endringar i åndsverklova, ved gjennomføring av EUs digitalmarknadsdirektiv, leverte Patentstyret høyringssvar til Kulturdepartementet i 2024.

På avtalelisensområdet fekk Patentstyret inn to søknader i 2024 og behandla to.

Medieklagenemnda behandla éi klagesak om ein avtalelisenssøknad i 2024, som blei send tilbake til Patentstyret for ny behandling.

For bbhugme har immaterielle rettar vore ein viktig suksessfaktor

bbhugme sel gravidputer og ammeputer internasjonalt. Rettar har vore ein del av forretningsstrategien heilt frå starten.

bbhugme er eit norsk selskap som blei stifta i november 2013. Gründerane er tre kvinnelege kiropraktorar som opplevde at det ikkje fanst gode produkt for å skape god søvn for gravide. Dermed utvikla dei den regulerbare bbhugme-puta.

Dei tilbyr ei gravidpute og ei ammepute. Konseptet er det same, men dei blir leverte i to ulike storleikar. Produkta finst i ulike fargar og mønster.

Rettar er viktig frå etableringa

I samband med etablering av verksemda og utvikling av konseptet var det fleire av dei involverte i styret og utviklingsteamet som hadde erfaring med immaterielle rettar frå tidlegare arbeid. Selskapet har i dag ulike rettar i dei største marknadene sine, som USA, Canada og Kina. – Desse rettane er viktige for å gje verksemda vern mot potensielle kopiprodukt, seier Kristin Stormanger, CEO i bbhugme. – Det viser også at vi tenkjer langsiktig og systematisk på korleis vi skal etablere ei internasjonal



merkevare. For eigarar og investorar er vår IP også svært viktig. Det er ein viktig del av verdien til verksemda. Vi ser også kor viktig det er for potensielle investorar. Dette blir alltid eit tema i dialogen vår med investorar, seier ho.

– Vi har også hatt god erfaring med designregistrering i tillegg til varemerkeregistrering. Vi har i ein del marknader fått på plass 3D-varemerkeregistrering for puta (endestykke).

Ho fortel vidare at vernet av dei immaterielle rettane deira har vore avgjerande for å byggje ei solid plattform for framtidig vekst. Det at selskapets har evna å utvikle eit innovativt og unikt konsept, har vore ein nøkkel til å differensiere seg i marknaden.

– Immaterielle rettar har gjort det mogleg for oss å sikre teknologien vår, verne ideane våre mot kopiering og samtidig skape ein attraktiv verdi for potensielle investorar. Kort sagt har vore ein viktig suksessfaktor for å sikre at vi når dei langsiktige måla våre, seier CEO i bbhugme, Kristin Stormanger.



Strategien for immaterielle rettar blir oppdatert jamleg

– Vi har ein strategi for immaterielle rettar, seier Stormanger. – Denne strategien er viktig for å definere korleis vi jobbar med området, og ikkje minst for å styre korleis vi skal agere dersom vi ser andre aktørar som er tett på vårt konsept og vår merkevare. Vi gjer jamlege revisjonar og brukar dokumentet som eit viktig styringsverktøy.

Konkurrentar legg seg tett opptil

Selskapet har opplevd enkelte situasjonar knytt til andre aktørar. – Mellom anna konsept som er inspirerte av oss, men ikkje direkte kopiar. Vi har også registrert konkrete kopiar der det truleg står profesjonelle kopiverksemder bak. Vi følgjer med på dette sjølve, via forhandlarane våre

og gjennom andre samarbeidspartnarar, seier Stormanger.

Fått støtte til arbeidet med immaterielle rettar

Teamet som var med frå oppstartsperioden, jobba primært med rettar gjennom eksterne samarbeidspartnarar. – Dette har blitt eit omfattande område for oss, og vi har valt å jobbe med ein profesjonell ekstern partner, Brækhus, og IP-teamet deira, seier Stormanger.

Immaterielle rettar er viktig for eksterne bidragsytarar

I arbeidet til bedrifta med eksterne bidragsytarar som Innovasjon Noreg, banksamband og potensielle investorar har immaterielle rettar

alltid vore eit viktig tema. Stor vektlegging av området har bidrege til at partnerane til bbhugme har sett på dei som ein profesjonell aktør med eit langsiktig for å byggje ei sterk internasjonal merkevare.

Gode råd til andre verksemder

– Det er viktig å tenkje på immaterielle rettar parallelt med produktutviklinga. Ta gjerne med erfarne folk i prosessen. Dersom du skal søkje patent, skal det gjerast før produktet blir lansert, og då er det viktig med godt førearbeid.



Del 4

Styring og kontroll i verksemda



Vurdering av styring og kontroll



Patentstyret nyttar mål- og resultatstyring som grunnleggjande styringsprinsipp. Dei fastsette mål- og resultatkrava for 2024 blei i høg grad nådde. Gjennomføringsgraden på oppdraga i tildelingsbrevet er vurdert som god. Aktiviteten i etaten har samla halde seg på det høge nivået som er etablert dei siste åra.

God internkontroll og risikostyring er ein integrert del av verksemdsstyringa for å sikre måloppnåing, effektiv drift, påliteleg økonomiforvaltning og at Patentstyret held lover og reglar. Kontrollen av korleis Patentstyret sørgjer for behandling av patent-, varemerke- og designsøknader, kursverksemd, forundersøkingar og kundesenter, skjer gjennom eit kvalitetsstyringssystem. Patentstyret er sertifiserte etter ISO 9001:2015. I tillegg er det etablert internkontroll for innkjøp og økonomi, tryggleik, graderte patent og HMS-området. Patentstyret nyttar i tillegg kundeundersøkingar og brukardialog jamleg for å forbetre og tilpasse tenestene våre ut frå behova til dei ulike kundegruppene.

Tryggleik og beredskap

Det er ein evig kamp mellom utviklinga av nye angrepsmetodar og utviklinga av tryggingstiltak. Cyberoperasjonar rammar nær sagt alle samfunnssektorar i ei verd med demokrati under press. I «Nasjonalt risikobilde 2024» peikar Nasjonalt tryggingsorgan (NSM) på at offentleg forvaltning framleis er av dei mest utsette samfunnsområda for cyberoperasjonar.

Mengda forsøk på kompromitteringar og målretta angrep mot Patentstyret auka i 2024. Arbeidet med å styrkje tryggleiken er forankra i tryggingsforumet til leiinga (LSF), som er sentralt i tryggleiksstyringa i Patentstyret, i tillegg til jamlege orienteringar i leiargruppa. LSF har også ansvaret for kontinuitetsplanen til Patentstyret og kontinuerlege vurderingar om risiko ved høgt personellfråvær. Det er ikkje blitt avdekt spesielt urovekkjande forhold i 2024 som har ført til at Patentstyret har måtta omdisponere personell for å ta hand om kritiske funksjonar innanfor tryggleik og beredskap.

I ein tidlegare tryggleiksgjennomgang, og etter tilråding frå NSM, planla Patentstyret eit innkjøp for å styrkje tryggingsarbeidet ytterlegare. Patentstyret inngjekk hausten 2024 ein rammeavtale med firmaet Defendable for levering av verktøy for hendingshandtering og trusselovervaking. Verktøyet inneber eit samarbeid med eit eksternt Security Operations Center (SOC) som samarbeider med våre eigne tryggingsmedarbeidarar om handtering av hendingar og sårbare punkt. I tillegg omfattar

innkjøpet testtenester som penetrasjonstesting og rådgjeving for cybertryggleik. Innkjøpet gjer at vi kan etterleve grunnprinsippa til NSM for informasjonstryggleik på ein betre måte, med ei særleg forsterka evne til å oppdage og handtere hendingar. Dette gjer Patentstyrets betre i stand til å oppdage og handtere hendingar.



I tillegg er det gjennomført tiltak basert på det overordna tryggingsrammeverket vårt frå NSM. Dette tryggingsrammeverket sørgjer for ei strategisk og risikobasert styring av informasjonstryggleiken. Driftsrelaterte tiltak som er spesielt verdt å nemne, er aukande bruk av tryggleikstenester i skya. Dette inkluderer innføring av Defender for Identity og aukande bruk av Defender for Cloud. Det er etablert ny plan for hendingsrespons, utskifting av proxyserverane våre er i gang, og det er kjøpt inn programvare som kartlegg einingar og programvare. I samband med flytting til nye lokale er nettverksinfrastrukturen til nye produkt bytt ut. Dette har auka tryggleiken på grunn av betre administrativ oversikt, oppdaterte produkt og full gjennomgang av heile nettverksoppsettet.

Opplæring av tilsette og tiltak for å auke medvitet deira om problemstillingane har vore og vil framleis vere høgt prioritert. Arbeidet har omfatta ein læringsprosess gjennom NanoLearning, phishing-simulering, presentasjonar på alle nivå i organisasjonen og utforming av bruksretteleingar.

Den tryggingsspolitiske situasjonen i kombinasjon med ein forsterka tryggingsposisjon gjer samtidig innsiderisikoen meir aktuell enn tidlegare. I 2024 gjennomførte Patentstyret ei praktisk orientert beredskapsøving med innsider som scenario. Dette var ei viktig øving for kriseleiinga med fungerande funksjonar og gjev Patentstyret nyttig innspel til utbetring av planverket.

Hovuddelen av informasjonen Patentstyret handterer i søknadsbehandlinga, er offentleg og

digitalt søkbar, med nokre unntak. Hovudsakleg gjeld det innhald i førstesøknader om patent. Det same gjeld forundersøkingar vi utfører for norske kundar, og NPI-oppdrag for utanlandske kundar. Den største risikoen for Patentstyret er stadig at konfidensiell informasjon om utføringa av desse tenestene kjem på avvegar, eller at informasjonen i registra våre går tapt. Tryggingstiltaka våre tek omsyn til dette trusselbiletet.

Patentstyret vurderer tryggleiken på IKT-området som god, trass i eit stadig endra trusselbiletet med aukande omfang av cyberangrep og ein tryggingsspolitisk situasjon i endring.

Graderte patent

Patentstyret fell inn under tryggingsslova gjennom at vi handterer graderte patent. Det er ikkje rapportert om uønskte hendingar i 2024. Dei fysiske arkiva har blitt flytta. Aktiviteten er på eit lågt nivå, men merksemda er auka på grunn av trusselsituasjonen. Patentstyret har i 2024 arbeidd saman med Forsvarets forskingsinstitutt, Nasjonalt tryggingssorgan og Forsvarsdepartementet om å revidere arbeidsfordeling og rutineskildringar partane imellom. Arbeidet held fram i 2025.

Grøn omstilling og berekraft

Patentstyret har vore miljøfyrtårn sidan 2010 og blei sist resertifisert hausten 2023. Vi rapporterer om tal for klimagassutslepp og andre parametarar for natur, miljø og berekraft årleg. Frå 2010 til 2023 har Patentstyret redusert

eigne klimagassutslepp med 26 prosent. Tal for 2024 var ikkje tilgjengelege på tidspunktet då årsrapporten blei skriven.

Klima- og berekraftsarbeidet til Patentstyret er forankra i strategien til verksemda og dei overordna måla våre om å skape verdi for kundane, samfunnet og medarbeidarane. Omlegging til grønar teknologi og miljøvenlege produkt er avhengig av lønsemd. Innovasjon kan vere både miljøvenleg og miljøskadeleg, og her er det internasjonale IPR-regelverket på mange måtar klimanøytralt. Sjølv om Patentstyret tildeler rettar til alle typar teknologi, er interessa for miljøvenlege produkt og teknologi heilt ned på konsumentnivå så sterk at ho påverkar innovasjonsretninga på viktige område. Her er IPR-systemet ein motivasjonsfaktor, og Patentstyret er ein tilretteleggjar for miljøvenleg teknologi.

I 2024 la Patentstyret særleg vekt på førebuingar og innkjøp i samband med flyttinga til nye lokale. Innflyttinga til eit meir klimavenleg bygg blei gjennomført i august 2024. Vesentleg gjenbruksgrad av møblar og inventar, og fjerning av parkeringsplassar, var verknadsfulle klimatiltak som støttar opp under berekraftsmål nr. 12. Desse tiltaka vil ha heilårseffekt frå 2025.

Figuren til høgre viser dei berekraftsmåla der IPR og Patentstyret kan yte størst bidrag. I tillegg kan IPR, tenestene Patentstyret tilbyr, og drifta vår også yte eit bidrag til mange av dei andre berekraftsmåla.

Figur 17: FNs berekraftsmål 8, 9 og 12



Arbeidslivskriminalitet

Som innkjøpar følgjer Patentstyret sertifiseringsordninga for offentlege innkjøp (SOA Bærekraft). Det bidreg til å motverke arbeidslivskriminalitet og er eit bidrag til både berekraftsmål nr. 8 om anstendig arbeid og økonomisk vekst og nr. 12 om ansvarleg forbruk og produksjon. Patentstyret har definert ansvaret gjennom skriftlege rutinar som den innkjøpsansvarlege og avtaleeigaren kjenner til. Ved innkjøp av tenester vurderer vi om innkjøpet involverer bransjar med høg risiko for arbeidslivskriminalitet.

Rutinane for å motverke arbeidskriminalitet omfattar alle fasar av innkjøpsprosessen, både planlegging, sjølv konkurransen og oppfølginga med den valde leverandøren. I kontraktperioden gjennomfører vi forskriftsmessig kontroll av relevant dokumentasjon frå leverandørane. I 2024 blei spesielt løn, arbeidsavtalar og arbeidstid kontrollert ut frå eigne rutinar. Patentstyret avdekte ikkje nokon forhold som var relaterte til arbeidslivskriminalitet i 2024, og krava våre til underleverandørane var eit bidrag til å nå berekraftsmål nr. 8 og 12.

Etiske retningslinjer

For å bidra til at Patentstyret blir drive i samsvar med dei lovene og reglane som gjeld, inkludert krav til god forvaltningsskikk, habilitet og etisk åtferd, blir tema som gjeld dei etiske retningslinjene for statstenesta, stadig diskuterte i ulike forum. Dei etiske retningslinjene er også

ein integrert del av introduksjonsprogrammet for nytilsette i Patentstyret.

Desentralisert arbeid

Patentstyret har mange medarbeidarar som bur i kommunar utanfor Oslo, og tre medarbeidar som bur i høvesvis Bergen, Trondheim og utlandet. To av desse arbeidsforholda fell inn under definisjonen av desentralisert arbeid. Patentstyret lyste ikkje ut stillingar med høve til å jobbe frå heile landet i 2024. Patentstyret har ei fleksibel heimekontorløyising i dag (inntil 50 prosent) og er opne for å halde fram med å sjå på desentralisert arbeid der det er tenleg basert på arbeidsoppgåvene.

Likestilling, mangfald og inkluderingsdugnaden til regjeringa

Patentstyret har ført vidare arbeidet med mangfald og likestilling i 2024. Målet er å fremje likestilling og hindre diskriminering på grunn av etnisitet, kjønn, alder eller nedsett funksjonsevne. Vi undersøker årleg arbeidsmiljøet, og undersøkinga i 2024 gav ingen indikasjon på at det skjer diskriminering i Patentstyret.

53,2 prosent av dei tilsette i Patentstyret er kvinner, og størst kvinnerepresentasjon har vi blant seniorkonsulentar, rådgjevarar og seniorrådgjevarar. Kvinnedelen blant leiarar er 50 prosent, og Patentstyret innfrir dermed kravet frå staten om minimum 40 prosent.

Gjennomsnittleg løn for menn er noko høgare enn for kvinner i dei fleste stillingskodane.

Patentstyret er spesielt merksame på dette forholdet i lokale lønsforhandlingar og har bede leiarane spesielt vurdere om eventuelle skeive tal kan knytast til kjønn.

Kjønn og løn

Tabell 15: Løn og kjønnsbalanse i Patentstyret fordelt på stillingskodar

Totalt / stillingskodar	År	Kjønnsbalanse		Total (N)	Månadsløn	
		Menn %	Kvinner %		Menn Kr	Kvinner Kr
Totalt i Patentstyret	2024	46,7	53,2	261	kr 69 549	kr 63 584
	2023	43,5	56,5	248	kr 68 780	*kr 62 978
Direktør	2024		100,0	1		
	2023		100,0	1		
1060 Avdelingsdirektør	2024	66,7	33,3	6	kr 106 553	kr 105 997
	2023	66,7	33,3	6	kr 105 885	kr 105 997
1211 Seksjonssjef	2024	47,4	52,6	19	kr 86 982	kr 83 576
	2023	42,1	57,9	19	kr 85 371	kr 82 467
1088 Sjefingeniør	2024	56,1	43,9	57	kr 73 826	kr 71 628
	2023	58,5	41,5	53	kr 73 548	kr 72 097
1364 Seniorrådgjevar	2024	37,2	62,8	78	kr 70 838	kr 62 859
	2023	39,7	60,3	73	kr 70 298	kr 62 561
1181 Senioringeniør	2024	66,7	33,3	18	kr 66 540	kr 65 533
	2023	50,0	50,0	16	kr 63 205	kr 62 349
1434 Rådgjevar	2024	36,7	63,3	49	kr 57 977	kr 54 026
	2023	34,9	65,1	43	kr 55 521	kr 54 632
1087 Overingeniør	2024	83,3	16,7	6	kr 59 388	**
	2023	100,0		4	kr 54 101	
1085 Avdelingsingeniør	2024	100,0		3	kr 51 944	
	2023		100,0	1		**
1408 Førstekonsulent	2024	75,0	25,0	4	kr 49 776	**
	2023	42,9	57,1	7	kr 47 499	kr 50 208
1363 Seniorkonsulent	2024	35,0	65,0	20	kr 51 753	kr 52 643
	2023	24,0	76,0	25	kr 50 965	kr 53 460

* Direktør er ikkje medrekna i gjennomsnittleg månadsløn.
** Det er berre éi kvinne som er avdelingsingeniør, så derfor er ikkje løna vist i oversikta.

Inkluderingsdugnad

Patentstyret har eit stort etnisk mangfald, og ved utgangen av 2024 hadde 11,7 prosent av dei tilsette eit anna etnisk opphav enn norsk. Dette vil seie at dei er innvandrarakar f  dde i utlandet eller norskf  dde med innvandrarakforeldre. I 2023 var prosentdelen 14,7 prosent.

Patentstyret nyttar moderat kvotering for s  kjarar med ikkje-vestleg etnisk bakgrunn eller med nedsett funksjonsevne i avdelingar som ikkje oppfyller m  lkrava. Alle stillingar blir lyste ut p   nettstaden www.inkludi.no, som rettar seg spesielt mot s  kjarar med annan etnisk bakgrunn enn norsk. I rekrutteringssystemet f  r alle s  kjarar h  ve til    opplyse om dei har innvandrarakbakgrunn, nedsett funksjonsevne eller h  l i CV-en. Leiaren og rekrutteringsgruppa f  r d   ei oversikt i systemet over kva for s  kjarar som har opplyst dette, og dei kan d   kalle inn minst   in kvalifisert s  kjar i kvar kategori.

I utlyste stillingar der det er s  kjarar med innvandrarakbakgrunn, nedsett funksjonsevne eller h  l i CV-en, som oppfyller krava i utlysinga, blir minst   in i kvar kategori kalla inn til intervju. Leiaren m   alltid gjere greie for kor mange personar med innvandrarakbakgrunn, nedsett funksjonsevne eller h  l i CV-en som har s  kt p   stillinga, kor mange av dei som er kalla inn til intervju, og eventuelt om nokon av dei er innstilte.

Det var 24 nye medarbeidarar som blei rekrutterte i 2024. Det var totalt 1215 s  kjarar til stillingane. I alle kunngjeringar blei mangfaldsformuleringa brukt.

Utanlandsk opphav:

Det var 142 s  kjarar som kryssa av for utanlandsk opphav. Dette utgjer totalt 11,7 prosent av alle s  kjarar. Av desse var det 29 s  kjarar som blei kalla inn til intervju. Det var fire som blei vurderte som kvalifiserte for stillingane og innstilte som nummer   in, og fekk stillinga. Nedsett funksjonsevne:

Det var 15 s  kjarar som kryssa av for nedsett funksjonsevne, alt  s   1,2 prosent totalt av alle s  kjarar. Av desse var det to som var kvalifiserte for stillingane.

H  l i CV-en:

2,9 prosent totalt av alle s  kjarar. Av desse var det to som blei kalla inn til intervju. S  kjaren blei vurdert som ikkje kvalifisert for stillinga.

Sjukefr  v  r

Patentstyret har som m  l at medarbeidarane v  re skal vere til stades 95 prosent av tida, og vi f  lgjer derfor opp sjukefr  v  ret tett. Patentstyret hadde eit sjukefr  v  r p   7,7 prosent i 2024, mot 6,6 prosent i 2023. Det legemelde fr  v  ret var p   6,2 prosent, mot 4,5 prosent i 2023. Det eigenmelde fr  v  ret var p   1,5 prosent i 2024, mot 2,0 prosent i 2023.

Talet p   tilsette i sentralforvaltninga

Ved utgangen av 2024 var det totalt 261 medarbeidarar i Patentstyret, og dei utgjer 250,5   rsverk (jf. definisjonen av utf  rte   rsverk i PM-2019-13). Patentstyret har i tillegg to l  rlingar som ikkje er rekna med, verken i talet

p   medarbeidarar eller   rsverk. Direkt  ren inng  r i totaltalet p   tilsette og   rsverk. I tillegg er det tre medarbeidarar som er i l  nte ut til EPO, som inng  r i det totale talet p   tilsette og   rsverk.



Kjønn, arbeidstid og fråvær

Tabell 16: Deltid, tilsetjingsform og fråvær i Patentstyret

Tal tilsette		Deltid		Mellombels tilsetjing		Foreldrepermisjon		Legemeldt sjukefråvær	
År	Tot. (N)	% av M	% av K	% av M	% av K	% av M	% av K	% av M	% av K
2024	261	0,8	4,3	0,0	0,0	0,8	1,4	3,0	9,0
2023	248	1,9	6,4	0,0	0,7	0,0	1,4	3,7	5,2
2022	255	1,8	4,8	0,9	0	0	0,7	3,2	6,4

Deltid menn: Av 122 menn har fire redusert stilling. Av desse har to fått innvilga ein viss prosentdel uførepensjon og er ikkje med i utrekninga. 1 er i foreldrepermisjon og blir ikkje rekna med som deltid. Det er derfor berre 1 av 4 som blir rekna med i deltid.

Deltid kvinner: Av 139 kvinner har 16 redusert stilling, men av desse har 7 fått innvilga ein viss prosentdel uførepensjon. Det er derfor seks av 16 som blir rekna med i deltid.

Lærlingar

Patentstyret har to nye lærlingar som er knytte til kommunikasjon og kunnskap – éin innanfor mediedesignfaget og éin innanfor innhaldsproduksjonsfaget. Dei er knytte til opplæringskontoret i staten (OK stat).

Patentstyret tilbyr praksisplass for studentar etter førespurnad frå Det juridiske fakultetet ved Universitetet i Oslo. Vi har tilbydd plass både våren og hausten 2024, men fekk ikkje nokon studentar via ordninga.

Konsulentbruk


Samla beløp for bruk av konsulenttenester i Patentstyret var kr. 22 653 305 i 2024, mot kr 20 446 703 i 2023. Auken skriv seg

i all hovudsak frå generell prisauke og ekstraordinære utgifter i samband med at Patentstyret flytta til nye lokale.

Fellesføringane frå regjeringa presiserer at verksemdene skal arbeide for å redusere konsulentbruken på område der det ligg til rette for å utnytte interne ressursar. Patentstyret skal så langt det er mogleg, nytte interne ressursar. Kjøp av konsulenttenester skal vere eit resultat av behov for spisskompetanse det ikkje er tenleg å tilsetje permanent. Patentstyret kjøper i hovudsak konsulentstøtte innanfor IKT-utvikling og vedlikehald, med bakgrunn i komplekse IKT-system som krev spesialkompetanse. Ser ein dette i samanheng med eit ønske om at Patentstyret skal halde tritt innanfor


digitalisering, er dette ei naturleg utvikling. Bruken av konsulenttenester innanfor IKT og programvare bidreg til å sikre ein vellykka, effektiv og heilskapleg transformasjon av tenestene til organisasjonen i samsvar med prinsippa som er nemnde i rundskrivet om digitalisering av offentleg sektor.

Konsulenttenester i samband med rekruttering og støtte til komplekse juridiske spørsmål blei også nytta i nokon grad i 2024.



Del 5

Vurdering av framtidsutsikter





Immaterielle verdier og rettigheter

Patentstyret vil i 2025 halde fram med å bidra til fleire gode rettigheter og betre bruk av immaterielle verdier i det norske samfunns- og næringslivet. Ved å satse på auka verdi for kunden, for samfunnet og for medarbeidarane våre vil vi – saman med næringslivet – skape større bedrifts- og samfunnsmessig lønsemd frå immaterielle verdier.

Auka verdi for kunden ved vidareutvikling av oppdragstenesta

Patentstyret brukar databasar som gjev tilgang til data om immaterielle rettigheter over heile verda, og saksbehandlarane våre har god kompetanse i å søkje og setje saman desse dataa til skreddarsydd informasjon for næringslivet. Patentstyret vil i 2025 vidareutvikle denne oppdragstenesta og bidra til at næringslivet sikrar fleire gode rettigheter og aukar den globale konkurransekrafta si ved auka tilgang til denne tenesta.

Immaterielle rettigheter – ein stabilisator i ei global og uføreseieleg tid?

I ei tid der geopolittikk spelar ei stadig større rolle og handelskrig og tollbarrierar skaper uvisse for næringslivet og norsk eksport, kan god IP-strategi og immaterielle rettigheter bidra til å gjere forholda meir føreseielege. Pariskonvensjonen om industrielt rettsvern frå 1883 har nærast global oppslutning 140 år etter signering og har overlevd to verdskrigrar og fleire periodar med global uro. Innlemming av reglane frå både Pariskonvensjonen og WTO-avtalen frå 1994 i nasjonalt lovverk verda rundt gjer at både varemerke, patent og design framleis er kraftfulle og stabiliserande verkemiddel i ein situasjon med auka global konkurranse.

Prioriterte målgrupper i den utoverretta verksemda vår

Med forankring i prioriteringsanalysen fra 2023 vil Patentstyret i 2025 framleis jobbe målmedvite for å stimulere små og mellomstore

verksemdar til auka kunnskap om immaterielle verdier og rettigheter. Vi vil i det utoverretta arbeidet vårt prioritere innsats og målgrupper ut frå kva medvit næringslivet har om immaterielle rettigheter, og kva erfaring dei har med det. Viktige verktøy for å nå dei uerfarne vil vere å spreie kunnskap om immaterielle rettigheter via dei eksterne samarbeidspartnarane og dei digitale plattformene våre. Overfor dei erfarne vil Patentstyret prioritere tilpassa dialog og vere ein attraktiv samarbeidspartnar og førstevalet ved innlevering av søknader om industrielle rettigheter.

Dei prioriterte målgruppene i den utoverretta verksemda til Patentstyret i 2025 er eksportretta næringar, kunnskapsbaserte næringar som jobbar aktivt med FoU, næringar som utviklar nye industrielle løysingar, til dømes innanfor grøn og fornybar energi, og næringar som jobbar med utvikling av ny teknologi og digitale løysingar, til dømes helse.

Utvikling av Patentstyret som offentlig etat

Patentstyret må tilpasse seg auka forventningar frå eigarar, samfunn og brukarar, der evna til raskare omstilling blir viktig. Derfor vil vi i 2025 framleis setje brukaren i sentrum, utforske nye organisasjons- og samarbeidsformer og utnytte teknologi for å frigjere tid og skape meir verdi for kundane, samfunnet og medarbeidarane i organisasjonen. Vi vil jobbe vidare med utvikling av eit meir kundevenleg betalingssystem og førebu organisasjonen på overgang til statlege rekneskapsstandardar (SRS) ved årsskiftet. Gjennom meir teamorganisering og deling av kunnskap på tvers, og ved å setje behova til kunden i sentrum for utviklingsprosjekta våre, vil vi dreie fokuset over på effekt og å skape auka verdi av arbeidet vårt. Vi vil redusere etterslepet og saksbehandlingstida ytterlegare, særleg på varemerkeområdet, ved gradvis å ta i bruk kunstig intelligens i saksbehandlinga.


Digitalisering krev auka kompetanse

Vi ønskjer å setje organisasjonen og medarbeidarane i stand til å gå frå manuelle til meir digitale arbeidsprosessar, og på ein effektiv måte utnytte nye verktøy som mellom anna Microsoft 365-universet, nye språkmodellar og kunstig intelligens elles. Vi vil derfor i 2025 prioritere å styrkje kompetansen til medarbeidarane i bruk av nye, digitale verktøy. Vi vil også prioritere arbeid med auka nærvær for å skape auka verdi for medarbeidarane.

Berekraft, tryggleik og beredskap

Tryggleikssituasjonen i Noreg blir stadig meir krevjande og utføreseieleg. Dette påverkar også Patentstyret som verksemd. I 2025 vil arbeidet med cybertryggleik og beredskap styrkjast ytterlegare ved å gjennomføre tiltak for å redusere sårbarheit og risiko. Gjennom nyvinninga Nordic Innovation Award, der vi premierer berekraftig innovasjon, og eit

kontinuerleg fokus på å velje «grøne løysingar», vil vi også i 2025 vere ein aktiv bidragsytar i det grønne skiftet.



Del 6

Årsrekneskap



Kommentarer frå leiinga – forklaringar til rekneskapen

Dei samla inntektene til Patentstyret i 2024 utgjorde totalt kr 356 151 480, som er om lag 2,6 prosent høgare enn den samla salderde inntektsløyvinga på kr 347 000 000. Resultatet ligg godt innanfor normalavviket (rekna til 5 prosent) for prognosemodellen vår.

Inntektene av informasjonstenester, kr 4 333 288 (kap. 3935, post 01), er tilnærma lik inntektsløyvinga på kr 4 500 000.

Inntekter i samband med Nordisk Patentinstitut, kr 4 931 688 (kap. 3935, post 02) er tilnærma lik inntektsløyvinga på kr 4 900 000.

Inntekter frå gebyr, kr 136 133 217 (kap. 935, post 03) er tilnærma lik inntektsløyvinga på kr 135 400 000.

Inntekter av avgifter til immaterielle rettar, kr 210 753 288 (kap. 5574, post 71) er høgare enn inntektsløyvinga på kr 202 200 000. Dette svarar til eit avvik på om lag 4 prosent. Dette er innanfor normalavviket for prognosemodellen, som er om lag 5 prosent.

I innspel til revidert budsjett som blei sendt til Nærings- og fiskeridepartementet 1. mars 2024 bad Patentstyret om at kap. 0935 post 01 Driftsutgifter skulle aukast. Dette hadde bakgrunn i behov og ønske om å styrkje digital tryggleik og beredskap og handtering av omleggingskostnader til Nye Altinn. I samband med endringsproposisjonen i juni 2024 blei

løyvinga for kap. 0935 post 01 endra med kr 4 500 000.

I endringsproposisjonen for hausten 2024 bad Patentstyret om auke av utgiftsløyvinga på kap. 0935 post 01. Dette hadde bakgrunn i ekstraordinære flyttekostnader, inkludert tilbakeføring av tidlegare lokale, flytteutgifter og kjøp av nytt AV- og IT-utstyr. Utgiftsløyvinga blei auka med kr 3 500 000.

Ved same endringsproposisjon informerte Patentstyret om at inntektskravet for kap. 3935 post 01, «Inntekt av informasjonstenester», ikkje blir nådd. Inntektskravet blei redusert til kr 4 500 000 i samband med endringsproposisjonen 19. desember 2024.

Dei samla utgiftene til Patentstyret (post 01–25) i 2024 utgjorde totalt kr 345 574 927. Samanlikna med tilgjengelege midlar på post 01–25 på kr 355 236 000 gjev dette ei mindreutgift på kr 9 661 073. Av dette utgjør kr 6 393 000 kompensasjon for lønsoppgjeret. Mindreutgifta for 2024 på kr 9 661 073 er søkt overført til 2025.

Sjukepengar og andre refusjonar utgjorde kr 9 946 000.

Eg stadfestar med dette at årsrekneskapen til Patentstyret er levert i samsvar med bestemmelser om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 av 09. desember 2024 frå Finansdepartementet og krav frå NFD. Riksrevisjonen er eksternrevisor og stadfestar årsrekneskapen for Patentstyret. Revisjonsordninga er kostnadsfri. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per dags dato. Eg meiner rekneskapen gir eit dekkjande bilete av disponible løyvingar, rekneskapsførte utgifter, eignedelar og gjeld for Patentstyret.

Oslo, 01.03.2025



Kathrine Myhre, direktør

Prinsippnote til årsrekneskapen

Årsrekneskapar for statlege verksemder er utarbeidde og leverte etter nærare retningslinjer som er fastsette i føresegnar om økonomistyring i staten («føresegnene»). Årsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med krav i punkt 3.4.1 i føresegnene, nærare føresegnar i rundskriv R-115 av desember 2024 frå Finansdepartementet og eventuelle tilleggskrav som er fastsette av overordna departement.

Oppstillinga av løyvingrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i punkt 3.4.2 i føresegnene – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- a. Rekneskapen følgjer kalenderåret.
- b. Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- c. Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.
- d. Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med bruttobeløp.

Oppstillingane av løyving- og artskontorrapportering er utarbeidde etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa står i samsvar med krav i punkt 3.5 i føresegnene om korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingrekneskapen» er lik i

begge oppstillingane.

Verksemda er knytt til den statlege konsernkontoordninga i Noregs Bank i samsvar med krav i pkt. 3.7.1 i føresegnene. Bruttobudsjetterte verksemder får ikkje tilført likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. Saldoen på kvar enkelt oppgjerskonto blir nullstilt ved overgangen til nytt år.

Løyvingrapporteringa

Oppstillinga av løyvingrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingrapporteringa og ein nedre del som viser behaldningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen.

Løyvingrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen. Rekneskapen blir stilt opp etter dei kapitla og postane i løyvingrekneskapen verksemda har fullmakt til å disponere. Kolonnen samla tildeling viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle eigedelar og forpliktingar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen til staten.

Mottekne fullmakter til å belaste kapittel/postar (belastingsfullmakter) som høyrer til ei anna verksemd, kjem ikkje fram i kolonnen for samla tildeling, men er omtalt i note B

til løyvingoppstillinga. Utgiftene som gjeld mottekne belastingsfullmakter, er bokførte og rapporterte til statsrekneskapen, og kjem fram i kolonnen for rekneskap.

Belastingsfullmakter som er gitt, er tekne med i kolonnen for samla tildeling, men blir ikkje bokførte og rapporterte til statsrekneskapen frå verksemda sjølv. Belastingsfullmakter som er gitt, blir bokførte og rapporterte av verksemda som har fått belastingsfullmakta, og kjem derfor ikkje fram i kolonnen for rekneskap. Fullmaktene som er gitt, kjem fram i note B til løyvingoppstillinga.

Artskontorrapporteringa

Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del som viser eigedelar og gjeld som inngår i mellomvære med statskassen. Artskontorrapporteringa viser rekneskapstala verksemda har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. DFØ har, med heimel i delegert mynde etter reglement for økonomistyring i staten § 3 første ledd gjeve Patentstyret unntak frå kravet i føresegnene punkt 3.3.3 om bruk av standard kontoplan for sektoravgifta «Avgifter immaterielle eigedelar».

Prinsippnote til årsrekneskapen

Verksemda har ein trekkrett på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje inntektsførte og kjem derfor ikkje fram som inntekt i oppstillinga.

Rekneskapstal i løyving- og artskontorrapportering med notar viser rekneskapstal rapportert til statsrekneskapen. I tillegg viser noten til artskontorrapporteringa Samanheng mellom avrekning med statskassen og mellomvære med statskassen bokførte tal frå kontospesifikasjonen til verksemda i kolonnen Spesifisering av bokført avrekning med statskassen. Noten viser skilnaden mellom beløp verksemda har bokført på egedels- og gjeldskontoar i kontospesifikasjonen til verksemda (inkludert saldo på kunde- og leverandørreskontro) og beløp som verksemda har rapportert som fordringar og gjeld til statsrekneskapen, og som inngår i mellomværet med statskassen.

Verksemda har innretta bokføringa slik at ho følgjer krava i føresegnar om økonomistyring i staten. Dette inneber at alle opplysningar om transaksjonar og andre rekneskapsmessige disposisjonar som er nødvendige for å utarbeide pliktig rekneskapsrapportering, jf. føresegnene punkt 3.3.2, og spesifisering av pliktig rekneskapsrapportering, jf. føresegnene

punkt 4.4.3, er bokførte. Føresegnene krev mellom anna utarbeiding av kundespesifisering og leverandørspesifisering. Dette fører til at sals- og kjøpstransaksjonar blir bokførte i kontospesifikasjonen på eit tidlegare tidspunkt enn dei blir rapporterte til statsrekneskapen, og inneber kundefordringar og leverandørgjeld i kontospesifikasjonen.

Oppstilling av løyvingssrapportering, 31.12.2024

Tabell 17: Oppstilling av løyvingssrekneskapen per 31.12.2024

Utgiftskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling	Rekneskap 2024	Meiravgift (-) og mindreutgift
0935	Patentstyret	01	Driftsutgifter	A, B	355 236 000	345 574 927	9 661 073
1633	Nettoordning, statleg betlat meirverdiavgift	01	Driftsutgifter			19 255 883	
Sum utgiftsført					355 236 000	364 830 810	

Inntektskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling	Rekneskap 2024	Meiravgift (-) og mindreutgift
3935	Patentstyret	01	Inntekt av informasjonstenester	B	4 500 000	4 333 288	
3935	Patentstyret	02	NPI-inntekter	B	4 900 000	4 931 688	
3935	Patentstyret	03	Gebyr, immaterielle rettar	B	135 400 000	136 133 217	
3935	Patentstyret	04	Ymse inntekter	B		0	0
3936	Klagegebyr, KFIR	01	Gebyr m.m., driftsinntekter	B		441 600	
5574	Sektoravgifter under NFD	71	Avgifter, immaterielle rettar	B	202 200 000	210 753 288	
5700	Inntekter til folketrygda	72	Arbeidsgjevaravgift			31 362 211	
Sum inntektsført					347 000 000	387 955 291	
Netto rapportert til løyvingssreknskapen						-23 124 481	

Kapitalkontoar							
60088601	Norges Bank KK / innbetalingar					468 269 118	
60088602	Norges Bank KK / utbetalingar					-448 443 819	
709415	Endring i mellomvære med statskassen					3 299 182	
Sum rapportert						0	

Behaldningar som er rapporterte til kapitalrekneskapen (31.12.)							
Konto				2024		2023	Endring
709415	Mellomvære med statskassen			-21 419 520		-24 718 702	3 299 182

Note A: Forklaring av samla tildeling, utgifter

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Tildelingar i år	Samla tildeling
0935.01	2 343 000	352 893 000	355 236 00

Note B: Forklaring til brukte fullmakter og utrekning av mogleg overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Meirutgift (-) / mindreutgift	Utgiftsført av andre ut frå gjevne løyvingfullmakter (-)	Meirutgift (-) / mindreutgift etter gjevne belastingsfullmakter	Meirinntekter / mindreinntekter (-) ut frå meirinntektsfullmakt	Omdisponering frå post 01 til 45 eller til post 01/21 frå løyving for neste år	Innsparingar (-)	Sum grunnlag for overføring	Kompensasjon for lønnsoppgjøret 2024	Maks overførbart beløp	Mogleg overførbart beløp som er rekna ut av verksemda
0935.01		9 661 073		9 661 073				9 661 073	6 393 000	23 835 150	9 661 073

Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

Mottekne belastningsfullmakter (gjeld for både utgiftskapittel og inntektskapittel)

Klagenemnda for industrielle rettar skal inntektsføre klagegebyr på kapittel/post 3936.01. Patentstyret har fullmakt til å fakturere og drive inn klagegebyra i samband med mottak av klage ved direkte inntektsføring på kapittel/post 3936.01.

Fullmakt til å overskride driftsløyvingar mot tilsvarende meirinntekter

Patentstyret har fullmakt til å overskride løyvingar under kapittel/post 093501 mot tilsvarende meirinntekter under kapittel/post 3935.04. Meirinntekter og eventuelle mindreinntekter blir tekne med i utrekninga av overføring av ubrukt løyving neste år. I år er ikke merintekter på kapittel/post 393504, og dermed er ikke denne fullmakten benyttet for 2024.

Fullmakt til å overskride driftsløyvingar til investeringsføremål mot tilsvarende innsparing i dei fem følgjande budsjettåra

Patentstyret har i 2024 ikkje brukt investeringsfullmakta.

Mogleg overførbart beløp

Den ubrukte løyvinga til Patentstyret på kapittel/post 0935.01 er på kr 9 661 073. Fordi dette beløpet er under grensa på 5 prosent, blir heile beløpet rekna som mogleg overføring til neste budsjettår. Mogleg overføring til neste år er eit overslag, og Patentstyret får tilbakemelding frå Nærings- og fiskeridepartementet om endeleg beløp som kan overførast til neste år.

Maksimalt overførbart beløp for 2024 er avgrensa til 5 prosent av løyvinga for heile posten fråtrekt lønskompensasjon, pluss lønskompensasjonen, jf. føresegner i løyvingreglementet og det årlege rundskrivet om overførbare løyvingar (R-2). Minimum overførbart beløp for driftspost 01 er lik kompensasjon for lønnsoppgjeret 2024.

*** Mogleg overførbart beløp er «Sum grunnlag for overføring», men maksimalt «Maks. overførbart beløp» og minimum «Kompensasjon for lønnsoppgjeret 2024». Sjå årleg rundskriv R-2/2025 for meir detaljert informasjon om mogleg overførbart beløp.

Oppstilling av artskontorrapporteringa, 31.12.2024

Tabell 18: Oppstilling av artskontorrapporteringa per 31.12.2024

Driftsinntekter som er rapporterte til løyvingsrekneskapen	Note	2024	2023
Innbetalinger frå gebyr	1	-136 574 817	-114 370 220
Innbetalinger frå tilskot og overføringar			
Sals- og leigeinnbetalinger	1	-220 018 264	-178 386 145
Andre innbetalinger			
Sum innbetalinger frå drift		-356 593 081	-292 756 356
Driftsutgifter som er rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Utbetalinger til løn	2	247 838 864	239 298 990
Andre utbetalinger til drift	3	90 553 198	85 973 618
Sum utbetalinger til drift		338 392 062	325 272 608
Netto rapporterte driftsutgifter		-18 201 019	32 516 244
Investerings- og finansinntekter som er rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Innbetaling av finansinntekter	4	0	-332
Sum invisterings- og finansinntekter		0	-332
Investerings- og finansinntekter som er rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Utbetaling til investeringar	5	7 169 449	5 057 284
Utbetaling til kjøp av aksjar			
Utbetaling av finansutgifter	4	13 417	21 657
Sum invisterings- og finansutgifter		7 182 866	5 078 609
Netto rapporterte invisterings- og finansutgifter		7 182 866	5 078 609

Oppstilling av artskontorrapporteringa, 31.12.2024

	Note	2024	2023
Inntekter og utgifter som er rapporterte på felleskapittel**			
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)			
Arbeidsgjevaravgift konto 1986 (jf. kap. 5700, inntekt)		31 362 211	30 198 255
Nettoføringsordning for meirverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		19 255 883	16 947 837
Netto rapporterte utgifter på felleskapittel		-12 106 328	-13 250 418
Netto rapportert til løyvingerekneskapen		-23 124 481	24 344 435

Oversikt over mellomvære med statskassen***	Note	2024	2023
Eigedelar og gjeld			
Fordringar på tilsette		136 404	2 488
Skuldig skattetrekk og andre trekk		-9 536 817	-9 981 831
Skuldige offentlege avgifter		-1 470 723	1 317 334
Avsett pensjonspremie til Statens pensjonskasse****		-8 680 736	-12 092 204
Mottekne forskotsbetalingar			
Differansar på bank og uidentifiserte innbetalingar		-1 867 621	-1 329 821
Sum mellomvære med statskassen	8	-21 419 520	-24 718 702

Note 1: Innbetalinger frå drift

	31.12.2024	31.12.2023
Innbetalinger frå gebyr		
Gebyr	136 574 817	114 370 220
Sum innbetalinger frå gebyr	136 574 817	114 370 220
Sals- og leigeinnbetalinger		
Salsinntekt tenester, avgiftspliktig	3 567 648	2 934 861
Salsinntekt tenester, avgiftsfri	5 697 328	9 016 280
Salsinntekt tenester, unnateken avgiftsplikt	210 753 288	166 435 005
Sum sals- og leigeinnbetalinger	220 018 264	178 386 145
Sum innbetalinger frå drift	356 593 081	292 756 365

Note 2: Utbetalinger til løn

	31.12.2024	31.12.2023
Løn	205 677 765	192 139 935
Arbeidsgjevaravgift	31 362 211	30 198 255
Pensjonsutgifter**	19 433 039	21 449 303
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	-9 945 608	-6 542 850
Andre ytingar	1 311 457	2 054 347
Sum utbetalinger til løn	247 838 864	239 298 990
Talet på utførte årsverk*	250	241

* Lønsutgifter for 2024 er noko lågare pga. forseinka lønsoppgjer i 2024 som blir betalt ut i 2025.

** Premiesatsen for arbeidsgjevardelen utgjorde i 2024 10,2 prosent (arbeidsgjevardel av pensjonspremien/pensjonsgrunnlaget i 2024 rapportert til SPK). For rekneskapsåret 2023 utgjorde premiesatsen 10,4 prosent.

Note 3: Andre utbetalinger til drift

	31.12.2024	31.12.2023
Husleige	17 687 593	19 817 371
Vedlikehald og ombygging av leigde lokale	8 497	1 910
Andre utgifter til drift av eigedom og lokale	4 160 834	7 101 391
Reparasjon og vedlikehald av maskiner, utstyr m.m.	105 792	176 836
Mindre utstyrsinnkjøp	2 001 567	453 130
Leige av maskiner, inventar og liknande	11 740 011	13 309 996
Kjøp av konsulenttenester	22 653 305	20 446 703
Kjøp av andre framande tenester	15 668 407	9 814 313
Kjøp av databasetenester	7 625 089	9 524 651
Reiser og diett	2 013 518	1 380 525
Andre driftsutgifter	6 888 585	3 946 792
Sum andre utbetalinger til drift	90 553 198	85 973 618

Note 4: Finansinntekter og finansutgifter

	31.12.2024	31.12.2023
Innbetaling av finansinntekter		
Renteinntekter	0	175
Valutagevinst	0	157
Anna finansinntekt		
Sum innbetaling av finansinntekter	0	332
Utbetaling av finansutgifter		
Renteutgifter	13 417	21 657
Valutatap		
Anna finansutgift		
Sum utbetaling av finansutgifter	13 417	21 657

Note 5: Utbetaling til investeringar og kjøp av aksjar

	31.12.2024	31.12.2023
Utbetaling til investeringar		
Immaterielle eigedelar og liknande		0
Tomter, bygningar og annan fast eigedom		
Infrastruktureigedelar		
Maskiner og transportmiddel	2 600 010	5 057 284
Driftslausøyre, inventar, verktøy og liknande	4 569 439	
Sum utbetaling til investeringar	7 169 449	5 057 284

Note 8: Samanheng mellom avrekning med statskassen og mellomvære med statskassen

Del A Skilnaden mellom avrekning med statskassen og mellomvære med statskassen

	31.12.2024	31.12.2023	
	Spesifisering av bokført avrekning med statskassen	Spesifisering av rapportert mellomvære med statskassen	Skilnad
Omløpsmiddel			
Kundefordringar	5 802 006	0	5 802 006
Fordringar på tilsette	136 404	136 404	0
Sum	5 938 410	136 404	5 802 006
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	-15 062 558		-15 062 558
Skuldig skattetrekk og andre trekk	-8 847 306	-9 536 817	689 511
Skuldige offentlege avgifter	-1 749 990	-1 470 723	-279 267
Avsett pensjonspremie til Statens pensjonskasse****		-8 680 763	8 680 763
Kortsiktig gjeld	-2 225 000	-1 867 621	-357 379
Sum	-27 884 854	-21 555 924	-6 328 930
Sum	-21 946 444	-21 419 520	-526 924

Årsrapport 2024



Patentstyret

Foto på framsida:
Ilja C. Hendel

Besøksadresse:
Innspurten 11 C, Oslo

Postadresse:
Postboks 4863 Nydalen
0422 OSLO

Kundesenter: 22 38 73 00
E-post: post@patentstyret.no



patentstyret.no

